



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Kvalitetsmelding

Vidaregåande opplæring 2016/17

OPPDATERT VERSJON 20.11.2017

## Oppdaterte tal i Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17

Det har vore naudsynt å justere enkelte figurar og tabellar i *Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2016/17* etter at den vart sendt til politisk handsaming. Data for årsresultat vert henta frå analyseverktøyet *Hjernen og Hjertet* og ved ein feil var det i datagrunnlaget for skuleåret 2016/17 inkludert ei gruppe lærlingar som ikkje skulle vore talt med.

I det opphavelige uttrekket er lærlingar som har full opplæring i bedrift talt med for skuleåret 2016/17. Denne gruppa er registrert på ein skule og eit utdanningsprogram, der han eller ho tar fellesfag, men har elles all opplæring i bedrift. Denne gruppa får ikkje fullført og bestått får dei har bestått fag- eller sveineprøve. Det betyr at når desse lærlingane er medrekna i utvalet, får det konsekvensar for prosentdel som fullførte og bestod alle fag skuleåret 2016/17. Det er ikkje vanleg å ta med denne gruppa, då dei ikkje kan målas på same måte som elevar i ordinære løp.

Denne feilen i datagrunnlaget fekk konsekvensar for fleire tabellar og figurar.

I denne versjonen er følgjande figurar og tabellar endra:

- Figur 3 fullført og bestått alle fag
- Figur 4 samanheng mellom grunnskulepoeng og fullført og bestått, samt sluttarar
- Figur 5 samanheng mellom inntakspoeng og fullført og bestått
- Tabell 7 karakterpoengsum frå ungdomsskulen
- Figur 6 og tabell 14 kritiske sluttarar
- Vedlegg 1.

I denne versjonen er side 15, 16 og 20, samt vedlegg 1 (side 59) oppdatert.

## OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling: Opplæringsavdelinga  
Kontaktinformasjon: Postmottak.Opplæring@hfk.no  
Dato: 17. oktober 2017

# INNHALD

<b>INNLEIING</b> .....	<b>4</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>5</b>
<b>MÅL OG STRATEGI</b> .....	<b>8</b>
<b>NØKKELTAL</b> .....	<b>10</b>
<b>AUKA LÆRINGSUTBYTTE OG FULLFØRING</b> .....	<b>14</b>
Gjennomføring i vidaregåande opplæring .....	15
Auka læringsutbytte .....	38
Læringsmiljø .....	44
Fylkeskommunen sitt ansvar for ungdom utanfor vidaregåande opplæring .....	52
<b>SPESIALPEDAGOGISK ARBEID</b> .....	<b>55</b>
<b>VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR VAKSNE</b> .....	<b>56</b>
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>58</b>

# Innleiing

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar, som i Hordaland fylkeskommune er fylkestinget.

Målet er at denne kvalitetsmeldinga skal ligge til grunn for vurdering, debatt og dialog, og gi skuleeigar eit godt grunnlag for kvalitetsutvikling. Rapporten omtalar temaa gjennomføring, læringsutbytte, læringsmiljø, spesialpedagogisk arbeid og vidaregåande opplæring.

Kvalitetsmeldinga er delt inn i kapittel etter tema. Til grunn for rapporten ligg ulike datakjelder, dokumentasjon, kunnskap og faglege vurderingar frå tilsette på skulane og i opplæringsavdelinga. Dei kvantitative tala i rapporten bygger på data frå Utdanningsdirektoratet sine verktøy Skoleporten og statistikkportalen, SSB, Vigo og analyseverktøyet Hjernen og Hjertet.

- [Skoleporten](#) og [statistikkportalen](#) er sentrale deler av Utdanningsdirektoratet sitt kvalitetsvurderingssystem.
- [Elevundersøkinga](#) gir elevane mogelegheit til å seie kva dei meiner om høve som er viktig for trivsel og læring på skulen. Undersøkinga er eit viktig verktøy for vidareutvikling og kvalitetssikring av læringsmiljøet på skulen og inngår som ein sentral del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet.
- Tilstandsrapport frå dei vidaregåande skulane inneheld rapportering på hovudmål og korleis skulen vurderer si utvikling i høve til eigne mål.

Hovudmålet med tilstandsvurderingsarbeidet er at skulane sjølve skal få betre grunnlag for å evaluere og planlegge sitt eige utviklingsarbeid. I tillegg er desse tilstandsrapportane ei viktig kjelde til kunnskap på skuleeigarnivå om utfordringar og arbeid med pedagogisk utvikling på skulane. Tilstandsrapportane går inn som ein integrert del av den kvalitative vurderinga i denne rapporten.

På sentrale indikatorar samanliknast HFK mot både nasjonalt snitt og eit par utvalte fylkeskommunar, Rogaland og Akershus. Rogaland er valt ut på bakgrunn av strukturelle likskaper som størrelse, geografisk plassering og at begge fylka er store på yrkesfag. Akershus er valt ut på bakgrunn av at dei over tid har produsert gode resultat i sektoren.

## Følgande forkortingar blir brukt i rapporten

Utdanningsprogram	
Kode	Beskriving
ID	Idrettsfag
MDD	Musikk, dans og drama
ST	Studiespesialisering
KDA	Kunst, design og handverk
MK	Medier og kommunikasjon (SF, ny ordning)
PB	Påbygging til generell studiekompetanse
MK	Medier og kommunikasjon (YF, gamal ordning)
BA	Bygg- og anleggsteknikk
TIP	Teknikk og industriell produksjon
EL	Elektrofag
NA	Naturbruk
RM	Restaurant- og matfag
HO	Helse- og oppvekstfag
SS	Service og samferdsel
DH	Design og handverk

# Samandrag

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar, som i Hordaland fylkeskommune er fylkestinget. Målet er at rapporten skal ligge til grunn for vurdering, debatt og dialog, og gi skuleeigar eit godt grunnlag for kvalitetsutvikling. Denne rapporten omtalar temaa gjennomføring, læringsutbytte, læringsmiljø, spesialpedagogisk arbeid og vidaregåande opplæring for vaksne.

Frå klasserom og verkstad til kontor og andre arenaer skal vi følge opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt. Det er sett inn styrka innsats for betre gjennomføring gjennom:

- Tidleg og systematisk innsats for å identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre.
- Tett oppfølging og tilpassa opplæring med fokus på meistring og motivasjon.

## Resultat for skuleåret 2016/17

Skuleåret 2016/17 fullførte og bestod 80,3 % av hordalandselevane alle fag. Dette er ein nedgang på 1 prosentpoeng frå skuleåret 2015/16. Studieførebuande utdanningsprogram og påbygg til generell studiekompetanse har hatt ei positiv utvikling dei siste åra, og det er eit fall på yrkesfag, frå 80,3 % til 75,4 % som gjer at gjennomsnittet går ned.

Det er ein tydeleg samanheng mellom grunnskulepoeng ein elev har med seg i vidaregåande skule og i kva grad eleven fullfører og består alle fag. Samla sett er det slik at for dei med over 50 poeng i snitt frå grunnskulen, fullfører over 95 % av elevane. Berre 0,6 % sluttar. Motsett er det slik at dei elevane som har under 25 poeng frå grunnskulen, så fullfører berre 31 % alle fag. 26 % av dei valte å slutte i løpet av skuleåret.

Elevane skil seg systematisk mellom utdanningsretningane etter kva karaktergrunnlag dei har med seg frå grunnskulen. På yrkesfag har til dømes 43 % av elevane under 35 grunnskulepoeng. Tilsvarende del for studieførebuande er 5 %. Denne ulikskapen ser ein gjennom heile karakterfordelinga.

Ny fráværsgrense blei innført 1. august 2016. Elevfráværet har generelt sett hatt ein sterk nedgang i Hordaland dei tre siste skuleåra, og nedgangen har vore størst etter innføring av ny fráværsgrense. Dei fleste skulane gir tilbakemeldingar om at elevane har vore meir til stades i opplæringa det siste skuleåret. Nokre få skular melder at det er låg effekt av fráværsgrensa. Median blir brukt i fráværstatistikken, i tråd med korleis Utdanningsdirektoratet presenterer same data.

På studieførebuande utdanningsprogram var det typiske fráværet i Hordaland i 2016/17 på 3 dagar og 9 timar. Dette er likt med nasjonale tal. I Hordaland gjekk fráværet ned med 3 dagar og 2 timar frå året før. Dette utgjer ein nedgang på 50 % dagar og 18 % timar. På yrkesfaglege utdanningsprogram i Hordaland var det typiske fráværet i 2016/17 på 3 dagar og 6 timar, noko som er ein nedgang på 2 dagar og 5 timar frå skuleåret før. I prosent utgjer dette ein nedgang på 40 % dagar og 45,5 % timar.

Alle utdanningsprogram har hatt ein nedgang i både dagfrávær og timefrávær det siste skuleåret, men det er likevel ein stor skilnad i fráværet mellom dei ulike utdanningsprogramma. Etter innføring av fráværsgrensa er likevel skilnadane generelt sett blitt mindre. Utdanningsprogram som har hatt høgt frávær har også størst nedgang i fráværet siste skuleåret

Dei tre siste skuleåra har Hordaland hatt ein svak nedgang i prosentdel elevar som får IV (ikkje vurdert) til standpunkt, og vi ser ein klar forskjell mellom utdanningsretningane. På studieførebuande utdanningsprogram var det i skuleåret 2016/17 ein markant nedgang i prosentdel elevar med IV i *minst eitt fag* og med IV i *berre eitt fag*. På yrkesfaglege utdanningsprogram var det derimot ein auke i prosentdel elevar som fekk IV i *minst eitt fag*, men ein nedgang i prosentdel elevar som fekk IV i *berre eitt fag*. Desse trekka ser vi også igjen nasjonalt.

Skuleåret 2016/17 såg vi ein auke i tal elevar som avbraut opplæringa i løpet av året, frå 543 til 721 elevar. Sluttårsakene *personlege årsaker*, *stort fråvær* og *annan fråfallsårsak* står for om lag 75 % av dei som slutta. Den største delen av sluttarane er på Vg1, medan den lågaste er på Vg3. Med utgangspunkt i resultat frå dei siste åra, er det ikkje mogeleg å seie om ny fråværsregel har ført til fleire sluttarar. Den prosentvise fordelinga av sluttarar pga. høgt fråvær har gått ned dei siste tre åra.

Skulane som har brukt sluttårsaken *annan fråfallsårsak* rapporterer at bak denne kategorien ligg det elevar som har slutta på grunn av samansette årsaker, utan at det blir konkretisert vidare. Andre skular er meir tydelege på at dette gjeld elevar som sluttar pga. helseårsaker og personlege utfordringar. Ein annan årsak er at skulen ikkje har lukkast med å oppnå kontakt med eleven før dei blir registrert som slutta.

Oppfølgingstenesta (OT) bidreg aktivt i arbeidet for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. OT deltar fast i ressursteam på 24 vidaregåande skular, og bruker meir tid enn tidlegare på førebyggjande arbeid.

Av alle ungdomane som er tilmeldt oppfølgingstenesta er 40 % kome i aktivitet og 24 % er under oppfølging. 8 % er ukjende, det vil seie at OT ikkje har etablert kontakt med ungdomane og ikkje har oversikt over kva dei gjer. 28 % er avklart, som betyr at dei for ein avgrensa periode er i ein situasjon der opplæring eller jobb ikkje er aktuelt. Det kan t.d. vere ungdomar som er i militæret, er på folkehøgskule eller har omsorg for barn.

I fylkestinget 8. mars 2016 blei det vedtatt å opprette eit psykologteam på seks psykologar. Desse har kontor ute på skulane, og har tre skular dei er fast på kvar veke. Teamet har hatt systemsaker på 15 skular, samt at dei har halde foredrag og kursverksemd i samarbeid med andre, t.d. UiB.

### **Gjennomføring over fem år**

Av elevkullet som starta i vidaregåande opplæring første gong i 2011, hadde 70,4 % av elevane fullført og bestått i løpet av fem år. Det er ein nedgang på 1,4 prosentpoeng frå førre periode, og 2 prosentpoeng under nasjonalt snitt.

Studiespesialisering er utdanningsprogrammet med høgast prosentdel elevar som fullfører og består eit opplæringsløp. Samla sett har gjennomføringsprosenten vore relativt stabil dei siste åra, men det er ein nedgang på alle utdanningsprogram frå førre kull, bortsett frå Service- og samferdsel, som har fått opp frå 53 % til 57,7 %.

I perioden var det 13,3 % av elevane i Hordaland som slutta, noko som også er det nasjonale snittet. Hordaland har likevel ei større gruppe elevar som framleis er i opplæring fem år etter at dei starta på vidaregåande enn resten av landet. Det betyr at denne gruppa elevar som ikkje har fullført og bestått, men heller ikkje slutta, utgjør ein viktig årsak til at Hordaland i snitt har lågare fullføringsgrad enn landsnittet.

Av heile elevkullet som starta på Vg1 i 2011, hadde berre 18 % av elevane oppnådd yrkeskompetanse etter fem år. Når ein ser på dei elevane som starta på Vg1 yrkesfag, er det 34 % som hadde oppnådd yrkesfagleg kompetanse. 26 % av elevane som starta på eit yrkesfag og hadde fullført innan fem år, gjekk ut med studiekompetanse.

82,2 % av elevane som går ut i læretid etter Vg2 har fullført og bestått med fag- eller sveinebrev fem år seinare. Også her er det stor variasjon mellom utdanningsprogramma. I dei fagområda der rundt 90 % av lærlingane fullfører med fag- eller sveinebrev, er det i hovudsak for mange søkarar i høve til det som arbeidslivet etterspør. Dette betyr igjen at konkurransen om lærlingsplassane er skarp.

### **Læringsmiljø**

Mobbeombodet i Hordaland fylkeskommune blei gjort til ei fast stilling i juni 2017. Ombodet er først og fremst eit lågterskeltilbod for elevar og lærlingar, og skal rettleie i konkrete saker. Sakene kjem hovudsakleg frå føresette, men i stadig fleire saker er det tilsette i skulane som ønsker rettleiing i konkrete saker. Hovudområde for arbeidet til mobbeombodet er som i fjor: vaksne som krenker, elevar på yrkesfag, digitale krenkingar og identitetsbasert mobbing. Det digitale er så godt som alltid ein del av mobbesakene mobbeombodet får.

### *Mobbing*

Prosentdel elevar i dei vidaregåande skulane som fortel at dei blir utsette for mobbing (2-3 gonger i månaden eller oftare) har gått noko opp frå 2015 til 2016. Frå 2,08 % hausten 2015 (226 elevar) til 2,8 % (350 elevar) hausten 2016. I Elevundersøkinga 2016 er både definisjon og spørsmål om mobbing endra, samt at spørsmål om krenkingar er tatt bort. Det kan ha påverka korleis elevane har svart, samanlikna med førre år.

Måten elevane rapporterer at dei blir mobba på varierer, men det er mest utbredt å bli kalla stygge ting eller erta på ei sårande måte (45,8 %). Deretter rapporterer elevane om baksnakking og utestenging (37,6 %). Fysisk mobbing er noko mindre vanleg (16,6 %). Som tidlegare år er elevar på yrkesfag særleg utsett for mobbing. Hausten 2016 seier 4 % av elevane på yrkesfag at dei blir mobba (243 elevar) og 1,7 % av elevane på studieførebuande (107 elevar).

For første gong har elevane blir spurt om dei blir mobba digitalt. 1,5 %, tilsvarande 184 elevar, opplyser om at dei blir mobba digitalt. Sjølv om talet på dei som seier at dei blir mobba digitalt prosentvis er lågt, er det urovekkjande at 5,5 %, tilsvarande 685 elevar fortel at dei blir mobba digitalt ein sjeldan gong. Ein veit at eit bilete eller ein film kan få store konsekvensar for dei involverte.

2,5 %, eller 306 elevar, opplyser at dei blir mobba av vaksne på skulen. Det er nesten like mange elevar som fortell at dei blir mobba av andre elevar på skulen.

Gjennom Lærlingundersøkinga får også lærlingane høve til å seie si meining om lærings- og arbeidsmiljøet på arbeidsplassen. Lærlingane i Hordaland rapporterer at 3,5 % av dei opplever mobbing to-tre gonger i månaden eller oftare i lærebedrifta. Talla har gått ned 0,2 % frå hausten 2015. Samtidig er det betydeleg færre lærlingar som svarar på lærlingundersøkinga enn elevar som svarar på Elevundersøkinga, og det kan gi utslag i høgare prosent for lærlingane.

### **Hovudtiltak for å auke gjennomføringa**

Ei av dei største utfordringane i vidaregåande opplæring er å få fleire elevar til å fullføre med fag- eller sveinebrev. Det er to hovudutfordringar knytt til dette. Den eine er bedriftene sitt behov for kompetent arbeidskraft, medan den andre er ungdomane si mogelegheit til å avslutte ei starta utdanning.

Prosjektet «auka gjennomføring – fleire ut i lære» skal styrke samhandlinga med regionalt arbeidsliv, og har som mål at fleire skal gjennomføre og fullføre læretida. Det er tilsett yrkesfaglege koordinatorar ved fem vidaregåande skular. Prosjektplan blei vedtatt våren 2017, og dei fem yrkesfaglege koordinatorane starta arbeidet ved dei fem prosjektskulane 1. juni 2017.

Prosjektet skal utvikle nye metodar til formidling og system for formidling til læreplass. System og metodar som blir utvikla skal kunne implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden.

*Complete* er eit forskingsprosjekt utvikla for å betre det psykososiale læringsmiljøet og bidra til auka gjennomføring. Prosjektet inneber å implementere og evaluere effekten av to tiltak som skal legge til rette for gode psykososiale læringsmiljø og redusere fråfall. Tiltaka er Drømmeskolen og Nærværsteam.

Drømmeskolen er eit tiltak der ein jobbar systematisk med det psykososiale miljøet, ut i frå eit helsefremjande perspektiv, og er retta mot alle Vg1-elevane. Nærværsteam er eit tiltak som er spesielt retta mot psykososial oppfølging av unge som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring, og skal sikre gode overgangar inn i, og mellom trinn i vidaregåande opplæring.

Den første delrapporten i forskingsprosjektet kjem i januar 2018.

# Mål og strategi

Dei tre hovudmåla og tilhøyrande strategiar for opplæringssektoren inngår som del av Hordaland fylkeskommune sine verksemdsstrategiar.

## 1. Sette regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov.

- Styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbud med rett dimensjonering
- Styrke samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv

## 2. Utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv.

- Bygge ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling


## 3. Medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

- Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå

Denne kvalitetsmeldinga går inn som ein sentral del av strategi i tredje hovudmål.

Arbeid med kvalitetsvurdering og -utvikling er også forankra i opplæringslova § 13-10. Skuleeigar har ansvar for å ha eit forsvarleg system for at krava i lova og forskrifter blir oppfylte. System for verksemdbasert vurdering (VBV), legg rammer for korleis skulane skal planlegge det pedagogiske utviklingsarbeidet og vurdere resultatata av arbeidet.

VBV-systemet kan illustrerast med modellen under:



Figur 1: Verksemdbasert vurdering

Dei viktigaste elementa i system for verksemdbasert vurdering er

- Skuleeigar sitt styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet
- Skulane sine årlege utviklingsplanar
- Skulane og skuleeigar sine tilstandsrapportar
- Oppfølging frå regionleiarane
- Skulebesøk med rapport frå skuleeigar



## Strategiar i arbeid med kvalitetsutvikling

### Klare mål

Ved skular der lærarane opplever at det er klare mål for utviklingsarbeidet, meiner dei også i større grad at utviklingsarbeidet når inn i klasserommet (AUD 5-2012, *Evaluering av system for verksemdbasert vurdering*<sup>1</sup>). Skulane har fått større handlingsrom i utviklingsarbeidet, men det vil bli stilt tydelege forventningar til skuleleiinga om å legge til rette for involverande prosessar og arbeide systematisk med å etablere oppslutnad kring klare utviklingsmål.

### Samhandling og oppfølging av skulane

HFK vil arbeide vidare med å utvikle samspelet mellom skuleeigar og skulenivå gjennom system for verksemdbasert vurdering. Regionleiarane planlegg og gjennomfører oppfølging av skulane sitt utviklingsarbeid i tett samarbeid med eit team av rådgivarar. Dette VBV-teamet har som oppdrag å sikre eit best mogeleg felles kunnskapsgrunnlag i oppfølginga av kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling i skulane.

### Sikre at kvalitetsarbeid fører til utvikling av ny læringspraksis i klasserommet

Rapporten om evaluering av VBV-systemet peikar på at systemet er godt forankra hos skuleeigar og skuleleiing, men at lærarane og elevane framleis ikkje er involverte i stor nok grad. Å forankre arbeidet heilt inn i klasserommet tar tid, og det er naudsynt med tilrettelegging av tid og arenaer for samarbeid og refleksjon. Det er utfordrande å legge opp utviklings- og vurderingsarbeidet slik at det blir opplevd som relevant for det som skjer i klasserommet. Styringsdokumentet for perioden 2016-18 er derfor tydelegare med omsyn til kva som er forventa av skuleleiarar, lærarar og elevar i dette viktige arbeidet.

### Kontinuerlig utvikling av profesjonelt leiarskap på skuleeigar- og skulenivå

Regionleiarane samarbeider i dag tett for å sikre ei einskapleg tilnærming til leiarutvikling i HFK. Dei gjennomfører regionale leiarsamlingar to gonger i året i samarbeid med resten av opplæringsavdelinga. På samlingane møter rektorane, ass. rektorane og avdelingsleiarane for å drøfte korleis ein saman kan utvikle det pedagogiske leiarskapet i HFK.

### Styrke vurderings- og evalueringskompetanse på skuleeigar- og skulenivå

Evalueringa av VBV-systemet viste at på skular der lærarane opplevde at det var lagt til rette for gode prosessar for tilstandsvurdering, opplevde dei også at utviklingsarbeidet nådde inn i klasserommet. For å få effekt av tiltaka er det viktig med tett oppfølging og evaluering undervegs. Forankring på alle nivå i organisasjonen og involvering av lærarar og elevar er viktig for å sikre måloppnåing. I tillegg til god systematikk og organisering i gjennomføring av tiltak er det viktig at dei blir evaluerte slik at arbeidet bidreg til læring og utvikling.

### Tydeleg fokus og dialog kring resultat

Skuleeigar og skulane har i dag tilgang på store mengder med informasjon om skulane si verksemd. Det er behov for at både skuleeigar og skulane oppnår enda betre kvalitetssikring av data og betre analyseverktøy. Hordaland fylkeskommune brukar saman med seksten andre fylkeskommunar analyseverktøyet *Hjernen og Hjertet*. Gjennom det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet har også Utdanningsdirektoratet mykje tilgjengeleg informasjon om tilstanden i vidaregåande opplæring.

### Samarbeid med universitets- og høgskulesektoren om kompetanseutvikling

Skuleeigar vil legge til rette for at det blir sett i verk fleire skulebaserte etterutdanningskurs i regi av universitet/høgskular der fleire lærarar frå same skule deltar, og der deltaking på kurset inneber utprøving og utvikling av ny praksis i klasserommet. Etterutdanninga må gå inn som ein del av skulen sitt ordinære utviklingsarbeid. Aktuelle område kan vere styrking av grunnleggjande ferdigheiter i fag og vurdering for læring.

### Lærande nettverk på skule- og fylkesnivå

Mange lærarar og skular gjennomfører spennande prosjekt og finn fram til gode måtar å organisere undervisning og utviklingsarbeid på. Det ligg derfor eit stort potensiale i å legge enda betre til rette for utveksling av erfaringar og deling av idear. Opplæringsavdelinga jobbar for å skape gode arenaer for både lærarar og skuleleiarar for systematisk deling og erfaringsutveksling.

---

<sup>1</sup> [AUD-rapport 5:2012](#)

# Nøkkeltal

## Hovudtrekk for skuleåret 2016/17

- 80,3 % av hordalandselevane fullførte og bestod alle fag.
- Fråværet har gått ned etter innføring av fråværgrensa. 40 % nedgang i tal dagar og 27,3 % nedgang i tal timar.
- 4,5 % kritiske sluttarar, ein auke på 1,5 prosentpoeng sidan førre skuleår.
- 2,8 % av elevane fortel at dei blir utsette for mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare. I førre periode var talet 2,08 %. Samtidig fortel 2,5 % av elevane at dei blir mobba av vaksne på skulen.
- 70,4 % av hordalandselevane som starta på offentleg vidaregåande skule i 2011 hadde fullført og bestått i løpet av fem år. Det er ein nedgang på 1,4 prosentpoeng frå førre periode.
- 18 % av 2011-kullet oppnådde yrkesfagleg kompetanse etter fem år.

### Tal elevar

Utdanningsprogram <sup>2</sup>	Gutar	Jenter	Samla
ST	2 985	3 888	6 873
HO	247	1 467	1 714
TIP	1 258	177	1 435
PB	526	655	1 181
EL	1 017	85	1 102
BA	787	30	817
ID	354	350	704
NA	243	272	515
SS	312	194	506
MDD	96	265	361
RM	159	162	321
DH	56	257	313
MK	115	108	223
MK (gamal ordning)	86	71	157
KDA	24	71	95
<b>Totalt</b>	<b>8 265</b>	<b>8 052</b>	<b>16 317</b>

Tabell 1: Tal elevar i Hordaland. Skoleporten.

### Tal lærlingar

Utdanningsprogram	Gutar	Jenter	Samla
BA	952	49	1 001
TIP	828	148	976
EL	755	71	826
HO	86	622	708
SS	190	150	340
DH	15	227	242
RM	107	89	196
NA	84	23	107
MK	7	5	12
SUM	3 024	1 384	4 408

Tabell 2: Fordeling av lærlingar 2016. Tala viser kor mange som hadde lærekontrakt per 1. oktober 2016. Skoleporten

### Tal elevar og lærlingar - historikk

	2014/15	2015/16	2016/17
Tal på elevar	16 451	16 195	16 317
Tal på lærlingar (2016)	4 381	4 387	4 408
Tal på nye lærlingar (2016)	2 115	2 072	2 108
Tal på lærarar	2 427	2 489	2 504

Tabell 3: Tal på elevar, lærlingar og lærarar. Skoleporten

<sup>2</sup> Studieførebuande med formgiving er plassert under ST, Studieførebuande Vg2 medier- og kommunikasjon er plassert under MK, og Studieførebuande Vg3 naturbruk er plassert under NA.

## KOSTRA-tal

KOSTRA står for Kommune-Stat-Rapportering og gir statistikk om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. KOSTRA-tala er bygd på føringar som er blitt gjort i rekneskapet til kvar enkelt fylkeskommune, og det er med bakgrunn i at alle fylka fører sine kostnader etter rettleiareren som blir revidert kvart år.


## Økonomisk belastning per elev

Tabellen og grafen under viser økonomisk belastning per elev, fordelt på ulike utdanningsretning.

	HORDALAND			NASJONALT (landet utanom Oslo)			Diff Hordaland vs nasjonalt
	2015	2016	Endring i %	2015	2016	Endring i %	2016
Økonomisk belastning 510-562 vidaregåande opplæring i skule per elev, konsern	149 738	153 938	2,8 %	150 489	153 629	2,1 %	0,2 %
Økonomisk belastning 521,527,529,533 studieførebuande utdanningsprogram per elev,	66 066	66 515	0,7 %	66 704	67 585	1,3 %	-1,6 %
Økonomisk belastning 522-526,528,530-532 yrkesfaglege utdanningsprogram per elev,	97 937	97 866	-0,1 %	94 617	94 845	0,2 %	3,2 %

Tabell 4: Økonomisk belastning per elev. SSB.

KOSTRA-tala er samanlikna med landet utan Oslo når det gjeld økonomisk belastning per elev. Årsaka til dette er at Oslo ikkje speglar eit gjennomsnittleg fylke som følge av størrelse på fylket og at dei driv både med fylkeskommunale og kommunale oppgåver. Samtidig er befolkningstettleiken høgare i Oslo samanlikna med dei andre fylka i landet, noko som kan resultere i ein annan gjennomsnittskostnad per elev enn kva som er gjennomsnittet for landet. Tabellen viser nokre små avvik i kostnader per elev for Hordaland samanlikna med landet utanom Oslo. Hordaland har ein større kostnad per elev på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, medan fylket ligg like bak landsgjennomsnittet (utan Oslo) når det gjeld studieførebuande utdanningsprogram.



Figur 2: Økonomisk belastning per elev, per utdanningsprogram. SSB.

Grafen viser, med utgangspunkt i KOSTRA-tal, kostnader per elev på dei ulike utdanningsprogramma samanlikna med landet (utan Oslo) for 2016. Årsaka til ulike kostnader på dei ulike utdanningsprogramma kan vere ulike behov til utstyr, størrelse på klassane (studieførebuande har ofte dobbelt så mange elevar samanlikna med yrkesfaglege) og ulike behov for små grupper i praktiske fag. Samtidig vil større skular kunne slå saman klassar (parallelar eller ulike yrkesfag) i fellesfag og programfag på Studiespesialisering, medan ein i distriktet vil ha færre elevar på dei tilsvarande tilboda. I dette ligg det altså at geografi, skulestorleik, utdanningstype og tal på elevar påverkar kostnadene.

## Elevar per årsverk

Indikator og nøkkeltal	2012	2013	2014	2015	2016
Sum årsverk for undervisningspersonale, Hordaland	2 054	2 060	2 005	2 029	2 029
Tal elevar per årsverk, Hordaland	9,5	9,4	9,6	9,3	9,3
Tal elevar per årsverk, Nasjonalt	8,8	8,9	8,8	8,7	8,8

Tabell 5: Elevar per årsverk. Skoleporten.


I tabell 5 ser ein utvikling over tal på elevar per årsverk for Hordaland og nasjonalt. Skoleporten påpeikar at ein må trå varsamt om ein skal samanlikna tal elevar per årsverk, då ressursituasjonen blir påverka av andre forhold som skulestruktur. Fylkeskommunar med mange skular som er spreidd rundt i eit stort geografisk fylke, vil ikkje ha stordriftsfordelar andre fylke kan ha.

## Utdanningsnivå lærarar

Indikator og nøkkeltal	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17	2016/17 Nasjonalt
Del med høgare universitets- og høgskuleutdanning med ped. utd.	27,4	28,1	28,4	29,1	27,5
Del med høgare universitets- og høgskuleutdanning utan ped. utd.	6,7	6,3	6,5	6,3	5,7
Del med lågare universitets- og høgskuleutdanning med ped. utd.	50,3	51,6	50,5	49,5	52,5
Del med lågare universitets- og høgskuleutdanning utan ped. utd.	7,6	6,7	7,0	7,0	7,0
Andel med videregående utdanning eller lavere	8,0	7,4	7,5	8,0	7,3

Tabell 6: Utdanningsnivå, lærarar. Skoleporten.

Tabellen over viser utdanningsnivået til lærarane ved skulane i Hordaland dei siste åra, samt nasjonale tal for 2016/17. Prosentdel lærarar med høg universitets- og høgskuleutdanning med pedagogisk utdanning har gått jamt oppover dei siste åra, og ligg no 1,6 prosentpoeng over det nasjonale snittet. Lærarar med lågare universitets- og høgskuleutdanning med pedagogisk utdanning har lege relativt jamt dei siste åra, og er i skuleåret 2016/17 tre prosentpoeng under nasjonalt snitt





# Auka læringsutbytte og fullføring

Frå klasserom og verkstad til kontor og andre arenaer skal vi følge opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt. Det er sett inn styrka innsats for betre gjennomføring gjennom:

- Tidleg og systematisk innsats for å identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre.
- Tett oppfølging og tilpassa opplæring med fokus på meistring og motivasjon.

I alt arbeidet fylkeskommunen gjer med auka fullføring er det to pilarar som er viktige. Den eine er korleis vi kan førebygge at elevar sluttar og den andre er korleis vi kan tilbakeføre dei elevane som trass alle forsøk har slutta i vidaregåande opplæring.

Dette kapittelet viser tilstand og utvikling over tid for eit utval indikatorar som er aktuelle i gjennomføringstematikken. Indikatorane viser mellom anna kor mange som fullfører og består i løpet av fem år, kor mange som går vidare frå eit trinn til eit anna og kor mange som ikkje gjer desse overgangane.

Indikatorar som inngår i kapittelet er:

- Skuleårsresultat for 2016/17, tal henta frå Hjernen og Hjertet og Udir
- Overgang frå Vg2 yrkesfag til lære, tal henta frå Skoleporten
- Fullført og bestått i løpet av fem år, tal henta frå Skoleporten

I første delen av kapittelet blir resultat for skuleåret 2016/17 presentert. Utvalet er alle elevar på alle trinn på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram, og ikkje berre avgangselevane. Fordi dei lokale tala i denne rapporten ikkje seier noko direkte om kor stor del elevar som fullfører og består eit utdanningsløp, kan tala derfor heller ikkje samanliknast med resultat frå Skoleporten eller SSB. Sentrale indikatorar her er kor stor del av elevane som bestod alle fag i skuleåret, fekk IV (ikkje vurdering), samt frávær og sluttarar i løpet av skuleåret.

Gjennomføringsindikatorane gir eit overordna bilete av effektiviteten til utdanningssystemet – kor mange fullfører og består innan ønskt tid. På grunn av måling fem år etter at elevane starta på Vg1, må endringar vurderast på bakgrunn av aktivitetar som ligg fleire år tilbake i tid. Indikatorane er likevel viktige då dei er dei einaste som følger kompetanseoppnåing til eitt enkelt kull gjennom opplæringsløpet.

Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2016-2018 var gjeldande frå hausten 2016. På bakgrunn av ei heilskapleg vurdering, har skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde blitt styrka. Mål om auka læringsutbytte og fullføring står fast.

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og egne resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av denne vurderinga skal skulane utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Skulane grunngir vala ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.


## GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

(Side 15 og 16 i inneheld oppdaterte tal)

### Resultat for skuleåret 2016/17

Skuleåret 2016/17 fullførte og bestod 81,8 % av hordalandselevane alle fag. Dette er ein oppgang på 0,5 prosentpoeng frå skuleåret 2015/16<sup>3</sup>. Til samanlikning fullførte og bestod 86,4 % av elevane i Akershus og 84,9 % i Rogaland alle fag i skuleåret 2016/17.


### 81,8 % av hordalandselevane fullførte og bestod alle fag i 2016/17



Figur 3: Fullført og bestått, alle trinn. Hjernem og Hjertert.

Tala i figuren viser kor stor del av alle elvane, på alle trinn, som fullførte og besto alle fag i dei ulike utdanningsretningane. Figuren over viser at det har vore ein jamn auke på studieførebuande utdanningsprogram dei siste åra. Det totale snittet for alle utdanningsretningane har også hatt ei auke år for år. Yrkesfag går ned 0,9 prosentpoeng frå 80,3 % i 2015/16 til 79,4 % i 2016/17. Påbygg har, som i dei tidlegare åra, låg fullføringsprosent, og låg i 2016/17 på 65,5%. Som ein vil sjå av figur 5, side 16, er det stor variasjon på yrkesfag når det gjeld fullføringsgrad, der RM har ein fullføringsgrad på 57,8 %, medan EL har 91,6 %. Grafen under viser at grunnskulekarakter er den største forklaringsfaktoren for fullføring.

### Samanheng mellom grunnskulekarakterar og fullført og bestått



Figur 4: Samanheng mellom grunnskulepoeng og fullført og bestått, samt sluttarar. Hjernem og Hjertert.

Grafen over viser tydeleg samanheng mellom grunnskulepoeng ein elev har med seg inn i vidaregåande skule (vassrett akse), og kva grad ein fullfører og består alle fag (linje). Stolpene viser kor stor prosentdel av elevane som slutta. Samla sett er det slik at for dei med 50 eller fleire poeng, fullfører over 95 % av alle

<sup>3</sup> Talet for 2015/16 avviker noko frå tal brukt i Tilstandsrapport 2015/16 pga. ny dubletthandtering.

elevane. 0,7 % av elevane sluttar. Motsett er det slik at dei med under 25 grunnskulepoeng, er det berre 35 % som fullfører, og heile 27 % som sluttar.


Vidare er det slik at det er svært ulik fordeling av elevar med høg eller låg kompetanse mellom dei ulike utdanningsretningane. Dette er hovudårsaka til den relativt store skilnaden mellom dei studieførebuande og yrkesfaglege utdanningane når det gjeld tal på sluttarar, gjennomføring og oppnådde karakterar.

	0,1-25	25-30	30-35	35-40	40-45	45-50	50-55	55-60	>=60	Ukjent
<b>Studieførebuande</b>	0 %	1 %	4 %	11 %	25 %	29 %	21 %	6 %	0 %	3 %
<b>Påbygg</b>	2 %	8 %	22 %	25 %	19 %	11 %	7 %	2 %	0 %	5 %
<b>Yrkesfag</b>	5 %	12 %	24 %	24 %	17 %	8 %	3 %	1 %	0 %	5 %
<b>Gjennomsnitt</b>	2 %	6 %	14 %	18 %	21 %	19 %	12 %	3 %	0 %	4 %

Tabell 7: Karakterpoengsum frå grunnskulen 2016/17. Hjernem og Hjertet.

På yrkesfag har til dømes 41 % av elevane under 35 grunnskulepoeng. Tilsvarande del for studieførebuande er 5 %. Denne ulikskapen ser ein gjennom heile karakterfordelinga, og er ein medverkande årsak til at gjennomføringsgraden er så ulik mellom utdanningsretningane.

### Samanheng mellom inntakspoeng og fullført og bestått alle fag



Figur 5: Samanheng mellom inntakspoeng og fullført og bestått. Hjernem og Hjertet.

Grafen viser forholdet mellom inntakspoeng og grad av fullføring for kvart utdanningsprogram. Blå søyle viser inntakspoeng og gult punkt viser prosentvis kor mange i dei ulike utdanningsprogramma som fullførte og bestod alle faga sine skuleåret 2016/17. Sjølv om det er ein sterk samanheng mellom grunnskulepoeng og grad av fullføring, er det likevel verdt å merke seg at nokre utdanningsprogram gjer det «betre enn forventa», då særskilt Elektrofag. Vidare har BA og TIP ein fullføringsprosent som er ein god del høgare enn DH, samtidig som dei samla grunnskulepoenga er dei same for begge utdanningsprogramma.

Utdanningsspeilet 2016 peikar på at elevar med svake resultat frå grunnskulen ser ut til å ha best føresetnader for å lukkast i utdanningsprogram med ei velfungerande og godt forankra lærlingordning, som t.d. BA, EL og TIP. Sjølv om desse tala berre viser del prosent fullført og bestått alle fag i skuleåret, kan grafen likevel fungere som ein indikator på at fag med godt forankra lærlingordningar gir seg utslag også i skulen.



## Fråvæ i dei vidaregåande skulane

Frå 1. august 2016 blei ny fråværsgrense innført i dei vidaregåande skulane. Formålet med fråværsgrensa er å motivere elevane til jamn innsats og å forhindre skulk.

Denne delen av kvalitetsmeldinga vil sjå på samla fråvæ for skulane og fordelt per utdanningsretning i Hordaland fylkeskommune. Fråvæ per skule og utdanningsprogram ligg som vedlegg 2 og 3 til kvalitetsmeldinga. Resultat frå Hordaland blir samanlikna mot nasjonale tal, samt resultat frå Akershus og Rogaland fylkeskommunar. Utval er offentlege skular.

Median blir brukt som måletal for fråværsstatistikken, i tråd med korleis Utdanningsdirektoratet presenterer same data. Median viser til den midtarste verdien når fråværet blir sortert i fallande eller stigande rekkefølge, og er mindre sårbar for ekstremverdier. Medianen viser altså kva som er eit typisk fråvæ blant elevane.

### Fråværet har gått ned etter innføring av fråværsgrensa

Elevfråværet har generelt sett hatt ein sterk nedgang både nasjonalt og i Hordaland dei tre siste skuleåra, og nedgangen har vore størst etter innføring av ny fråværsgrense i 2016/17. Dei fleste skulane gir tilbakemeldingar om at elevane har vore meir til stades i opplæringa det siste skuleåret. Nokre få skular melder at det er låg effekt av fråværsgrensa.

Skulane skriver vidare at det har vore auka merksemd på oppfølging av elevane sitt fråvæ siste skuleår. Fråværsreglement, varsling ved høgt fråvæ, informasjon om konsekvensar og viktigheita av å vere tett på elevane har vore gjennomgåande tema i møte på skulane førre år. Lokalt har det også ført til at elevoppfølginga har blitt meir lik og konsekvent, både når det gjeld å førebygge og å varsle elevar som er i faresona. Nokre skular rapporterer også at fråværsgrensa er utfordrande for enkelte elevgruppe, som av ulike årsaker ikkje greier å ha eit jamt oppmøte på skulen.

I Hordaland fylkeskommune var det typiske fråværet for ein elev i 2016/17 på 3 dagar og 5 timar, noko som er 2 dagar og 3 timar mindre enn skuleåret før. Nedgangen i fråværet frå førre år er 40 % dagar og 27,3 % timar. Dette samsvarar med den nasjonale utviklinga, der det har vore ein nedgang i fråværet på 40 % dagar og 33 % timar.

### Fråvæ – alle utdanningsprogram:

	2014/15		2015/16		2016/17	
	Median dagar	Median timar	Median dagar	Median timar	Median dagar	Median timar
Hordaland	6	11	5	11	3	8
Nasjonalt	6	13	5	12	3	8
Akershus	6	15	5	14	3	10
Rogaland	5	11	4	10	2	8

Tabell 8: Utvikling i samla fråvæ for alle utdanningsprogram. Udir.

### Nedgang i fråvæ både på studieførebuande og på yrkesfag i Hordaland

På studieførebuande utdanningsprogram var det typiske fråværet for ein elev i Hordaland på 3 dagar og 9 timar i 2016/17, noko som er likt med dei nasjonale tala. I Hordaland gjekk fråværet ned med 3 dagar og 2 timar frå året før, som er ein nedgang på 50 % dagar og 18 % timar. Nasjonalt var nedgangen på 40 % for dagar og 25 % for timar.

På yrkesfaglege utdanningsprogram var det typiske fråværet i 2016/17 3 dagar og 6 timar, noko som er ein nedgang på 2 dagar og 5 timar frå skuleåret før. I prosent utgjør dette ein nedgang på 40 % dagar og 45,5 % timar. Nasjonalt var nedgangen på 50 % dagar og 41 % timar.

For siste skuleår er det typiske dagfråværet likt for elevar ved studieførebuande og yrkesfag, medan timefråværet ved yrkesfag er lågare enn for studieførebuande. Dette viser tal både frå Hordaland og nasjonalt.

## Fråvær - studieførebuande utdanningsprogram

	2014/15		2015/16		2016/17	
	Median dagar	Median timar	Median dagar	Median timar	Median dagar	Median timar
Hordaland	6	11	6	11	3	9
Nasjonalt	6	13	5	12	3	9
Akershus	6	14	5	13	3	11
Rogaland	5	11	4	11	3	9

Tabell 9: Utvikling i fråvær for elevar ved studieførebuande utdanningsprogram. Udir.

## Fråvær - yrkesfaglege utdanningsprogram

	2014/15		2015/16		2016/17	
	Median dagar	Median timar	Median dagar	Median timar	Median dagar	Median timar
Hordaland	6	11	5	11	3	6
Nasjonalt	6	13	6	12	3	7
Akershus	6	17	5	14	3	9
Rogaland	5	10	4	9	2	5

Tabell 10: Utvikling i fråvær for elevar på yrkesfag. Udir.

## Variasjonar i fråvær mellom utdanningsprogram

Alle utdanningsprogram har hatt ein nedgang i både dagfråvær og timefråvær det siste skuleåret. Vedlegg 3 viser samtidig ein stor skilnad i elevfråværet mellom utdanningsprogramma. Etter innføring av fråværsgrrensa er likevel skilnadane generelt sett blitt mindre.

Utdanningsprogram som har hatt høgt fråvær har også størst nedgang i fråværet siste skuleåret. Døme er Service og samferdsel som har hatt ein fråværsreduksjon på 2,5 dagar og 9 timar. Elektrofag, som har hatt jamt lågt fråvær, har hatt ein nedgang på 1 dag og 1 time.

## Elevar som ikkje får vurdering (IV)

Tabellane under viser statistikk over kor stor prosentdel elevar som ikkje får karakter, men IV («ikkje vurdering»). I statistikken er det talet på IV i standpunktutvurdering som ligg til grunn.

Når ein samanliknar dei tre siste skuleåra, har Hordaland ein svak nedgang i prosentdel elevar med IV, noko som samsvarar med utviklinga nasjonalt. Hordaland har høgare prosentdel elevar som får IV samanlikna med både Akershus og Rogaland.

## Elevar utan vurderingsgrunnlag (IV) - samla tal for alle utdanningsprogram

	2014/15		2015/16		2016/17	
	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag
Hordaland	3,9	1,9	3,6	1,8	3,5	1,4
Nasjonalt	3,5	1,7	3,3	1,6	3,1	1,3
Akershus	2,2	1	2,1	1,1	2,4	1,1
Rogaland	2,7	1,2	2,8	1,2	2,1	0,9

Tabell 11: Prosentdel av elevane som har fått IV. Udir.

## Prosentdel elevar som får IV – ulik utvikling på studieførebuande og yrkesfag

Ved studieførebuande utdanningsprogram i Hordaland var det siste skuleår ein markant nedgang i prosentdel elevar med IV i *minst eitt fag* og med IV i *berre eitt fag*. Det var også nedgang nasjonalt.

Ved yrkesfaglege utdanningsprogram i Hordaland var det ein auke i prosentdel elevar med IV i *minst eitt fag*, men ein nedgang i prosentdel elevar med IV i *berre eitt fag*. Same tendensen viser dei nasjonale tala.

Nokre skular har gitt tilbakemelding om at det er ei gruppe elevar med ulike utfordringar som krev ekstra innsats frå både skulen og frå eleven for å skaffe naudsynt dokumentasjon på fråvær.

### Reduksjon i IV på studieførebuande utdanningsprogram

	2014/15		2015/16		2016/17	
	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag
Hordaland	3,6	1,6	3,2	1,6	2,6	1,1
Nasjonalt	2,8	1,3	2,7	1,3	2,3	1
Akershus	1,8	0,9	1,7	0,9	2	0,9
Rogaland	2,3	1,1	2,2	1	1,5	0,7

Tabell 12: Prosentdel av elevane på studieførebuande utdanningsprogram som har fått IV. Udir.

### Fleire elevar på yrkesfag får IV i minst eitt fag

	2014/15		2015/16		2016/17	
	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag	IV i minst eit fag	IV i berre eit fag
Hordaland	4,2	2,3	4,3	2,2	4,8	1,9
Nasjonalt	4,4	2,1	4,2	2,1	4,4	1,7
Akershus	3,2	1,4	2,9	1,5	3,5	1,5
Rogaland	3,3	1,4	3,5	1,5	3,1	1,3

Tabell 13: Prosentdel av elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram som har fått IV. Udir.

### IV grunna overskriden fråværgrense

Det er ein større prosentdel elevar i Hordaland som får IV grunna fråværgrensa enn resten av landet. 2,8 % av elevane i Hordaland fekk IV grunna overskriden fråværgrense skuleåret 2016/17, mot 1,8 % nasjonalt. I Akershus var det 1,3 % og i Rogaland 1 %.

Når skulane registrerer IV skal fagmerknoten *FAM51* brukast dersom eleven ikkje får vurdering grunna overskriden fråværgrense. Dette er nytt og Hordaland har hatt stor merksemd på bruk av *FAM51*-merknoten, noko som kan vere ein årsak som har påverka dei høge resultatane. Her vil det bli viktig å samanlikne utvikling til neste skuleår.

§ «I vidaregåande skole skal eleven ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at fråværet i meir enn 10 prosent av timane i faget skyldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd. Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert fråvær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hos rektor. Læraren må i alle høve ha tilstrekkeleg grunn for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter, jf. tredje ledd»

## Sluttarar i løpet av skuleåret

(Side 20 inneheld oppdaterte tal)

Skuleåret 2016/17 var det 4,4 % kritiske sluttarar i HFK. Dette utgjør 696 elevar, og representerer ein auke på 153 elevar, tilsvarande 0,9 prosentpoeng, sidan førre skuleår.

### Avbrotsårsaker<sup>4</sup>

Som tidlegare, står *personlege årsaker*, *stort fråvær* og *annan årsak* for om lag 75 % av sluttårsakene. Sluttårsaken «stort fråvær» sto for omlag 22 %, medan det var høvesvis 23 % og 27 % i 2015/16 og 2014/15. Det er få endringar dei tre siste åra når det gjeld årsakene til at elevane sluttar. Det totale talet på kritiske sluttarar har likevel auka, frå 543 elevar til 696. Den største delen av sluttarane er på Vg1, medan det er omlag like stor prosentdel elevar som sluttar på Vg2 som på Vg3.

Det er ein reell auke i dei fleste sluttkategoriene, og tyngdepunktet gjeld framleis på kategoriene *personlege årsaker*, *stort fråvær* og *annan fråfallsårsak*.

Med utgangspunkt i resultat frå dei siste åra, er det ikkje mogeleg å seie om ny fråværsregel har ført til fleire sluttarar. Den prosentvise fordelinga av sluttarar pga. høgt fråvær har gått ned dei siste tre åra.


På bakgrunn av at ein stor del av sluttarane er registrerte under kategorien «annan fråfallsårsak/ukjent», bad fylkesdirektør opplæring i 2016/17 skulane rapportere særleg på desse tala.

Av dei skulane som har brukt denne kodinga, gir mange uttrykk for bak denne kategorien ligg det elevar som slutta på grunn av samansette årsaker, utan at dei spesifiserer konkrete årsaker vidare. Det er nærliggande å tru at det ikkje har vore mogeleg å velje éin sluttårsak åleine. Andre skular beskriv at det er helseårsaker og personlege utfordringar som ligg bak.

Ei anna viktig forklaring til kva som ligg bak denne kategorien er at skulen ikkje har lukkast å oppnå kontakt med eleven. Det kan vere at dei aldri reelt sett blei elev ved skulen eller at eleven ikkje har respondert når skulen tok kontakt, og at det ikkje har vore mogeleg å gjennomføre avklaringsamtale.

Det er viktig å ikkje sjå seg blind på sjølve sluttkategoriene, då årsaker til at elevar vel å avbryte opplæringa gjerne har fleire årsaker. Det er til dømes ikkje lett å seie kva som kjem først av feilval, låg motivasjon, fråvær og personlege utfordringar.

Masteroppgåva «En opplæring for alle? - En litteraturstudie om elevs begrunnelse til frafall i videregående opplæring»<sup>5</sup>, stadfestar også at årsakene til at elevar vel å avbryte opplæringa utgjør eit samansett bilete, der fleire faktorar påverkar valet – dei opptre i forbindelse med kvarandre og kan dermed bidra til å forklare og forsterke kvarandre. Vidare seier oppgåva at psykiske vanskar var ein sentral årsak til ungdomane sine grunnvingar til fråfall.



Sluttårsak	2014/15	2015/16	2016/17
Annan årsak/ikkje oppgitt	100	120	156
Personlege årsaker	160	161	211
Stort fråvær	170	127	154
Feilval	77	66	73
Skulelei/motivasjon	53	29	43
Begynt på annan skule	25	17	27
Flytta	26	17	11
Ikkje møtt	1	2	6
Bytta kurs på same skule	2	2	5
Slutta, skal begynne i lære	4	2	8
Fagvanskar	2	0	1
Lang reiseveg	1	0	1
<b>Totalt</b>	<b>621</b>	<b>543</b>	<b>696</b>

Tabell 14: Tal kritiske sluttarar siste tre skuleår. Hjernen og Hjertet

<sup>4</sup> På grunn av dubletthandtering av historiske data er sluttartala noko avvikande frå førre rapport. Årsakene «begynt på annan skule», «bytta kurs på same skule» og «flytta» er anten feilføring frå skulane eller så har elevane ikkje begynt på det tilbodet dei skulle, og var i alle høve ikkje registrert i opplæring.

<sup>5</sup> [En opplæring for alle? En litteraturstudie om elevs begrunnelse til frafall i videregående opplæring.](#)

I NIFU-rapporten *Å redusere bortvalg – bare skolens ansvar?*<sup>6</sup> finn forskarane brei støtte for at årsakene til at elevane avbryt opplæringa i mange og i varierende grad gjeld ungdomane si psykiske helse. Dei skriv vidare at skuleslutting kan vere eit resultat av akkumulerte problem over lang tid, der også psykisk helse blir eit spørsmål.


## Overgangar mellom trinn

Over har vi sett på skulesluttarar, som er dei som avbryt i løpet av skuleåret. Overgangssluttarar er dei som avbryt mellom to skuleår, eller ikkje går vidare i lære. Rapporten «Å redusere bortvalg – bare skolens ansvar?» viser til at det er fleire overgangssluttarar enn skulesluttarar. Vi har ikkje tal på dei elevane som fullfører og består eit trinn og ikkje møter opp påfølgande haust. Skoleporten har likevel tal som viser prosentdel elevar som var registrert i opplæring 1. oktober eitt år, som også er registrerte på Vg2, Vg3 eller i lære 1. oktober året etter. I desse tala inngår også overgangssluttarar.

Frå forskning og kunnskap lokalt veit vi at overgangane både frå grunnskulen til vidaregåande og mellom trinna i vidaregåande er sentrale for å sikre gjennomføring.

Om lag 98 prosent av elevane som går ut av ungdomsskolen er kvart år registrert i vidaregåande opplæring påfølgande haust. Under kan ein sjå to figurar som viser overgangar mellom trinna i vidaregåande opplæring, for høvesvis studieførebuande utdanningsprogram og yrkesfaglege utdanningsprogram.

### Overgangar for elevar i studieførebuande utdanningsprogram i Hordaland




Figur 7: Overgangar mellom trinn i studieførebuande utdanningsprogram i HFK. Skoleporten.

Figur 7 og 8 viser progresjon mellom trinn i vidaregåande opplæring i Hordaland. Tala viser prosentdel elevar som gikk i Vg1 hausten 2015, og som er registrerte på Vg2 hausten 2016, og tilsvarande for Vg2 til Vg3.

Den raude pila viser til prosentdel elevar som var ute av vidaregåande opplæring eitt år etter at dei var registrerte i Vg1 eller Vg2. Tala kan derfor ikkje direkte samanliknast med tala for skulesluttarar. Den gule pila viser elevar som går om igjen same årstrinn.

<sup>6</sup> *Å redusere bortvalg – bare skolens ansvar? En undersøkelse av bortvalg ved de vidaregåande skolene i Akershus fylkeskommune skoleåret 2010-2011. Rapport 6/2012.*

## Overganger for elever i yrkesfaglege utdanningsprogram i Hordaland



Figur 8: Overganger mellom trinn i yrkesfaglege utdanningsprogram i HFK. Skoleporten.

I Hordaland er det 19,4 % av elevane på Vg2 yrkesfag som ikkje gjer overgang, 0,6 prosentpoeng under landsnitt. I Akershus og Rogaland ligg snittet på høvesvis 15,5 % og 17,9 %.

Sidan 2014 har det likevel vore ei positiv utvikling i prosentdel elevar som følgjer ordinær progresjon mellom Vg1 og Vg2, både på studieførebuande utdanningsprogram og yrkesfag, med om lag 2 prosentpoeng auke på kvar utdanningsretning.

I same periode har det også vore ei positiv utvikling i prosentdel elevar som følgjer ordinær progresjon mellom Vg2 og Vg3. Den mest markante utviklinga er på yrkesfag, der ein større del av elevane blir verande i opplæringsløpet utan å avbryte. Samtidig repeterer ein god del av desse elevane lågare eller same trinn, framfor å følgje ordinær progresjon.

Det er kjent at det er overgangen mellom Vg2 og Vg3 på yrkesfag som er den mest kritiske overgangen. Ein må likevel merke seg at ein svakheit med teljinga er at tala ikkje inkluderer elevar som får seg lærekontrakt etter 1. oktober.

### Overgang frå Vg2 på yrkesfag

Overgangen frå Vg2 yrkesfag er altså det mest kritiske punktet i opplæringsløpet. Tabellen under viser ei oversikt over kor elevane på dei respektive utdanningsprogramma var registrert hausten etter at dei gikk ut av Vg2. Tala viser elevane som gikk ut av Vg2 våren 2016, og kor dei var registrert per 1. oktober 2016. Tala i figur 7 og 8 inkluderer vaksne elevar, og avviker då noko frå tala i tabell 15.

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
BA	54 %	0 %	0 %	13 %	12 %	21 %
DH	27 %	9 %	10 %	16 %	15 %	24 %
EL	37 %	4 %	21 %	23 %	6 %	10 %
HO	20 %	0 %	6 %	48 %	13 %	14 %
MK	1 %	0 %	31 %	45 %	7 %	17 %
NA	23 %	0 %	24 %	31 %	4 %	19 %
RM	57 %	0 %	2 %	8 %	15 %	17 %
SS	29 %	4 %	8 %	35 %	8 %	16 %
TIP	48 %	6 %	2 %	18 %	12 %	15 %
<b>Total</b>	<b>34 %</b>	<b>3 %</b>	<b>9 %</b>	<b>29 %</b>	<b>10 %</b>	<b>15 %</b>

Tabell 15: Overgang frå yrkesfagleg Vg2 i Hordaland, per utdanningsprogram, 2016. Hjernen og Hjertet.

Lokale tal viser at for yrkesfagelevane som gjekk i skule i 2015/16, var berre 34 % i lære hausten etter. 29 % hadde starta på påbygg, medan 15 % ikkje var i nokon form for opplæring. Dei lokale tala speglar gjennomføringstal frå SSB, jf. figur 15, der MK, NA, HO og SS er dei yrkesfaga kor flest elevar fullfører med studiekompetanse. Teljedato er 1. oktober hausten etter at elevane gikk ut av Vg2, og når vi veit at lærekontraktar blir skrive heile året, vil tala for «ikkje i opplæring» ofte blir redusert utover året. I vedlegg 4 kan ein sjå resultatata per skule.




## FULLFØRT OG BESTÅTT I LØPET AV FEM ÅR

Gjennomføringsindikatorane gir eit overordna bilete av effektiviteten til utdanningssystemet – kor mange fullfører og består innan ønskt tid. På grunn av måling fem år etter at elevane starta på Vg1, må endringar vurderast på bakgrunn av aktivitetar som ligg fleire år tilbake i tid. Indikatorane er likevel viktige då dei er dei einaste som følger kompetanseoppnåing til eitt enkelt kull gjennom opplæringsløpet.

Tal som er brukt i dette delkapittelet er henta frå Skoleporten og viser til elevar som starta i vidaregåande opplæring for første gong i 2011. I motsetnad til tal som viser per skuleår, følgjer desse indikatorane eit heilt kull og gir meir informasjon om i kor stor grad elevane fullfører og består heile opplæringsløpet.

### 70,4 % av 2011-kullet fullførte og bestod i løpet av fem år



Figur 9: Prosentdel fullført og bestått, 2009-2011-kull. Skoleporten

70,4 % av hordalandselevane som starta på offentlig vidaregåande skule i 2011 hadde fullført og bestått i løpet av fem år. Det er ein nedgang på 1,4 prosentpoeng frå førre periode, og 2 prosentpoeng under nasjonalt snitt, som er 72,4. Dersom ein inkluderer dei private skulane, fullførte og bestod 73 % nasjonalt og 72,3 % i Hordaland.

### Elevar på Studiespesialisering fullfører og består i størst grad



Figur 10: Prosentdel fullført og bestått, 2009-2011-kull. Skoleporten

Figuren over viser prosentdel fullført og bestått i løpet av fem år, fordelt på utdanningsprogram. Medan det var elevar på Idrettsfag som i størst grad fullførte og bestod av 2010-kullet, er det i 2011-kullet elevar på Studiespesialisering som i størst grad oppnådde kompetanse i løpet av fem år.


Det er stor variasjon mellom dei ulike utdanningsprogramma, der ein for 2011-kullet kan sjå ein forskjell mellom 86,6 % på Studieførebuande til 41,5 % på Restaurant og matfag. Tala for dei ulike utdanningsprogramma har vore relativt stabile dei siste åra, men ein kan sjå ein nedgang på alle utdanningsprogram frå førre kull, bortsett frå Service- og samferdsel, som har gått opp frå 53 % til 57,7 %.



Ulik elevsamansetnad, tilgang til læreplassar, fagtradisjonar og tilknytning til arbeidslivet er viktige forklaringsfaktorar når ein skal forstå ulikskapen mellom i kor stor grad elevane fullfører og består på dei ulike utdanningsprogramma, noko vi kjem tilbake til på side 29.

I Noreg er eit studieførebuande utdanningsprogram normert til tre år, medan eit yrkesfagleg utdanningsprogram vanlegvis er fire (2+2). Gjennomføring blir målt fem år etter at ein elev starta på vidaregåande skule. Det betyr at elevar på studieførebuande har eitt ekstra år til omval, pause eller andre forseinkingar samanlikna med elevar på yrkesfag.

### Utvikling i Hordaland og resten av landet




Figur 11: Prosentdel elevar fullført og bestått, talt over fem år, offentlege skular i Hordaland og nasjonalt. Skoleporten.

Figuren over viser utvikling i Hordaland og resten av landet for dei ulike utdanningsretningane. Heil linje er tal for Hordaland, medan den stipla linja er det nasjonale snittet. Det er ein nedgang både for yrkesfag og studieførebuande utdanningsprogram for Hordaland, medan det nasjonale snittet har ein liten oppsving for yrkesfag. Totalt har det nasjonale snittet gått opp 0,3 prosentpoeng.

For 2010-kullet blei det innført nye registreringsrutinar for elevar i HT-grupper, som betydde at dei blir kategorisert i det utdanningsprogrammet dei går på. Tidlegare blei dei automatisk registrert på studieførebuande i gjennomføringsstatistikken. I Hordaland er elevar med HT-kode spreidd relativt jamt utover utdanningsprogramma, medan dei fleste går på studieførebuande i dei andre fylka. Det betyr at gjennomføringstala for studieførebuande utdanningsprogram har vore feilaktig låg for Hordaland før 2010-kullet.

## Hordaland samanlikna med andre fylke



Figur 12: Prosentdel fullført og bestått, 2011-kull. Skoleporten

I figuren over kan ein samanlikne prosentdel elevar som fullfører og består i Hordaland, Rogaland, Akershus og nasjonalt snitt. Hordaland ligg i snitt under dei to andre fylka og nasjonal snitt når ein ser på alle utdanningsprogram samla, og når ein berre ser på yrkesfag. På dei studieførebuande utdanningsprogramma ligg Hordaland noko over Rogaland og det nasjonale snittet.

Viss ein skal forstå desse resultatane må ein gå nærare inn i talmaterialet. Når det gjeld talet for sluttarar, ligg Hordaland på nivå med nasjonalt nivå og dei andre fylka, med unntak av Akershus, som ligg heile 5,2 prosentpoeng under nasjonalt snitt. Den kategorien som skil dei nemnte fylka mest er «I opplæring fem år etter påbyrja Vg1», der Hordaland ligg på 7,3 %, medan Rogaland, Akershus og det nasjonale snittet ligg på høvesvis 5,7 %, 4,0 % og 5,9 %. Det betyr at denne gruppa elevar som ikkje har fullført og bestått, men heller ikkje slutta, utgjør ein viktig årsak til at Hordaland i snitt har lågare fullføringsgrad enn fylka vi har valt å samanlikne oss med.

Gjennomføringsbarometeret 2016<sup>7</sup> viser at etter 10 år har 80,8 % av elevane fullført og bestått i Hordaland. Tilsvarende tal for Akershus er 80,2 % og Rogaland 81,3 %.


### Elevar som har fullført og bestått med grunnkompetanse

Eit viktig mål for gjennomføringsstatistikken er å vise kor stor del av elevane som har fullført og bestått med vitnemål eller fag-/sveinebrev i løpet av fem år. Elevar som ved starten av utdanninga veit at dei vil ha utfordringar med å oppnå full yrkes- eller studiekompetanse kan gå mot planlagt grunnkompetanse. Desse vil som regel ikkje oppnå vitnemål eller fag-/sveinebrev, og har tidlegare fått status som «Slutta undervegs» eller «Registrert vg3, gått opp til eksamen/fagprøve, men ikkje bestått», sjølv om dei har gjort alt som står i opplæringsplanen deira.

Det har i fleire år vore diskutert at det er uheldig at denne elevgruppa blir registrert som nemnt ovanfor, sjølv om dei fullfører det løpet som er planlagt. Nytt av i år er at gjennomføringstala også inkluderer desse elevane i ein eigen kategori: «Fullført med planlagt grunnkompetanse». Figur 13 viser at det i enkelte utdanningsprogram er ei betydeleg elevgruppe som fullfører med grunnkompetanse, med 10,2 % på RM; 7,8 % på NA og 7,1 % på BA.

<sup>7</sup> [Gjennomføringsbarometeret 2016](#)

### Fullført og bestått med grunnkompetanse




Figur 13: Fullført og bestått med grunnkompetanse. Skoleporten.

Viss vi inkluderer desse elevane i fullføringsstatistikken, vil det på fleire utdanningsprogram få ei dramatisk endring. For RM vil det gi ein auke frå 41,5 % til 51,7 %, NA vil gå frå 57,8 % til 65,6 %, og BA får ein auke frå 49,7 % til 56,8 %. Fylkessnittet vil gå frå 70,4 % til 73 %.

Ein viktig konsekvens av dei nye føringane er at desse elevane no ikkje blir registrerte som sluttarar. Det gjer at sluttartala i år er meir representative enn tidlegare år.



## Færre sluttarar




Figur 14: Elevar og lærlingar som slutta i perioden 2011-2016. Skoleporten.

Figuren viser sluttarar i perioden 2011-2016 (gul stolpe), samanlikna med førre periode (blå stolpe). I tillegg kan ein sjå dei nasjonale tala, markert som prikkar. Utdanningsprogram der mange elevar går mot grunnkompetanse vil ein få ein naturleg nedgang i talet på sluttarar, då desse no blir registrert som «fullført med grunnkompetanse» og ikkje som «slutta». Dette gjeld særskilt RM, NA, BA, samt HO, som har ein nedgang på høvesvis 9,8 og 6,9 prosentpoeng.

Totalt er dei ein nedgang i prosentdel sluttarar frå 15,3 % for 2010-kullet til 13,3 % for 2011-kullet.

## 18 % av elevane oppnådde yrkesfagleg kompetanse etter fem år



Figur 15: Oppnådd kompetanse etter fem år, etter kva utdanningsprogram elevane starta på. Alle eigeformer. SSB.

Gjennomføringstala viser kor stor del av elevane som fullfører i løpet av fem år, men ikkje kva kompetanse dei oppnår. Figuren over viser kva type kompetanse dei ulike elevane har oppnådd etter fem år. Av alle elevane som starta på Vg1 i 2011, hadde berre 18 % av elevane oppnådd yrkeskompetanse etter fem år. Av dei elevane som begynte på ei yrkesfagleg utdanning, hadde 34 % oppnådd yrkesfagleg kompetanse. Heile 26 % av yrkesfagelevane hadde fullført med studiekompetanse.

Tilgang til læreplassar, samt ulike yrkesfag sin historikk og tilknytning til fagtradisjonar, er viktige element for å forstå og forklare gjennomføringsgrad i ulike utdanningsprogram. I rapporten «Yrkesutdanninger med svak

forankring i arbeidslivet»<sup>8</sup> problematiserer NIFU korleis fire ulike yrkesutdanningar i mindre grad er forankra i arbeidslivet og korleis det påverkar elevane sine val og mogelegheiter til å fullføre utdanninga.

Figur 15 viser at 42 % av elevane på HO fullfører med studiekompetanse. NIFU-rapporten finn at fagutdanninga i liten grad evner å skape naudsynt identifikasjon og tilknytning til faga.

For hvert nivå elevane og lærlingene når i utdanningsløpet, er det færre som vil bli fagarbeidare. Selv blant de som velger å bli lærlinger i helsearbeiderfaget er det langt flere som har som mål å bli sykepleiere eller vernepleiere (43,5 prosent) enn det er som vil bli helsefagarbeidare (26,5 prosent). På samme måte som oppslutningen om yrkesfagene synker etter hvert som elevane går gjennom utdanningsløpet, så øker også andelen som sikter seg inn mot høyere utdanning. Mange av elevane og lærlingene på helse og sosial som deltok i NIFUs survey, ser høyere utdanning som nødvendig og ønskelig, og dette er et trekk som forsterkes klart gjennom utdanningsløpet. De fleste elever i helsefagarbeiderutdanningen velger etter det andre året påbygging til generell studiekompetanse.

Vidare skriv dei at det har vore ei førestilling om at mange av elevane på helse- og oppvekstfag som startar på påbygg, ikkje har dei rette føresetnadene og at dei ikkje klarar seg vidare til høgare utdanning. Tal frå SSB syner i midlertidig at 47 % av dei som fullførte påbygg etter å ha gått to år på helse og oppvekstfag, går rett til høgare utdanning. Dette er ei klart høgare del av elevane enn blant elevane frå Studiespesialisering, der berre 37 % same år gjekk direkte til høgare utdanning. Dette er med og forsterkar at elevane på HO ofte har Vg3 påbygg som eit planlagt løp.

Når det gjeld RM, skriv forskarane at fagutdanninga generelt sett står svakt både i næringsmiddelindustrien og i hotell og restaurantbransjen, og er det utdanningsprogrammet som har hatt lågast gjennomføring nasjonalt i ei årrekke. Nokre av faga i utdanningsprogrammet har svært lange tradisjonar, medan andre har kortare historie og har slitt med å bli en fagkategori i arbeidslivet:

Blant fulltidsansatte i næringsmiddelindustrien (mer enn tjue timer i uka), hadde 26 prosent fagutdanning. Vi har dessverre ikke funnet studier som ser på andelen med fagutdanning fra Restaurant og matfag og det er klart at blant de 26 prosent er det mange som har fagbrev i andre fag.

Mange av dei yrka som SS fører til, har manglande tradisjon for å ta inn lærlingar. Varehandelen har til dømes vore prega av lågare krav til kompetanse, høg turnover og låg løn, noko som heng saman med at feltet også er eit arbeidsmarknad for ungdom. Samtidig har mange bedrifter eigne opplæringsprogram, slik at ein kan gjere karriere på andre måtar enn å bli lærling.

Service og samferdsel strever med å få fottfeste i arbeidslivet. Kun 13 prosent av de faglærte i servicefagene som svarer at de ikke kunne ha gjort den jobben de har i dag uten fagbrevet. I store deler av servicesektoren utgjør fagopplæringen kun én av mange mulige inngangsporter. Nyere forskning viser at færre får jobb videre i den virksomheten der de var lærling i servicefagene (48 prosent), sammenlignet med fag i øvrige utdanningsprogram. (...) Utdanningsprogrammets svake forankring i arbeidslivet gir seg uttrykk i den skolebaserte opplæringen gjennom klasseromsdominert undervisning og mangel på faglige rollemodeller som bærere av en yrkestradisjon.

Dette er døme på korleis fagtradisjonane spelar ei viktig rolle når det gjeld prosentdel av yrkesfagelevar som fullfører med studiekompetanse eller fag-/sveinebrev. Når elevar begynner på eit yrkesfag med ein klar fagprofil utviklast fagidentiteten tidleg i utdanningsløpet, og med det eit ønske om å bli lærling. For dei yrkesfaga med ein svakare fagtradisjon kan det bli meir utydeleg kva posisjon og karriere ein vil ende opp med i arbeidslivet, og då kan påbyggingsalternativet bli eit meir aktuelt val.

---


<sup>8</sup> [Yrkesutdanninger med svak forankring i arbeidslivet](#)

## GJENNOMFØRING I LÆRETIDA

Hordaland er eitt av dei største og mest tradisjonsrike fagopplæringsfylka i landet, og hadde 4408 lærlingar i 2016<sup>9</sup>, med 2108<sup>10</sup> nye lærekontraktar. Overgangen frå Vg2 til lære på yrkesfaglege utdanningsprogram er ein av dei mest kritiske overgangane med tanke på auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Tilgangen til læreplasser påverkar overgangen i stor grad, og varierer frå fylke til fylke.

Fagopplæringa baserer seg på trepartssamarbeid. Dette betyr noko for korleis fylkeskommunen styrer sektoren. Sjølv om fagopplæringskontoret har ei formidlingsteneste der ein koplar søkjarar og bedrifter som ønsker lærlingar, er det viktig å understreke at det er bedriftene sjølve som bestemmer kven dei vil teikne lærekontrakt med. Fagopplæringskontoret hentar kvart år inn oversikt over kor mange lærlingar dei enkelte bedriftene har behov for. Dette talet gir ei oversikt, men av erfaring veit vi at situasjonen i dei enkelte bedriftene kan endre seg i løpet av kort tid.


### 57,2 % av elevane på yrkesfag fullførte og bestod i løpet av fem år



Figur 16: Gjennomføringstal yrkesfag, Hordaland, offentlege skular. Skoleporten.

Figuren over viser gjennomføringstal for yrkesfagelevar i Hordaland, fem år etter at dei starta opplæringa. Av 2011-kullet fullførte og bestod 57,2 % av elevane i løpet av fem år. Det er også ein reduksjon i prosentdel sluttarar frå 2010 til 2011-kullet.

### 8 av 10 lærlingar oppnår fag-/sveinebrev innan fem år




Figur 17: Gjennomføringsgrad lærlingar. 2011-kull. Skoleporten.

Figuren over viser fullføringsprosenten for alle dei som faktisk går ut i lære. Fem år etter oppstart av læretida, hadde 82,2 % av lærlingane oppnådd fag- eller sveinebrev. Tala er stabile frå førre kull, men utgjer ein nedgang på 0,6 prosentpoeng. 7 % av lærlingane var ute av lære utan å ha fullført, ein nedgang 3,2 prosentpoeng frå 2010 kullet.

<sup>9</sup> Løpande per 1. oktober 2016. Skoleporten.

<sup>10</sup> 1. oktober 2015 – 31. september 2016. Skoleporten.

## Oppnådd fag- eller sveinebrev per utdanningsprogram



Figur 18: Status oppnådd kompetanse per utdanningsprogram etter fem år. 2011-kull. Skoleporten

Figuren over viser at det er stor variasjon mellom utdanningsprogramma når det gjeld kor mange som fullfører med fag- eller sveinebrev fem år etter oppstart av læretida. Vi veit at det er forskjellar mellom utdanningsprogramma når det gjeld både overgang frå Vg2 til lære og gjennomføring av sjølve læretida. I dei fagområda som ligg på rundt 90 % fullføring, er det i hovudsak for mange søkarar i høve til det som arbeidslivet etterspør. Dette betyr at konkurransen om lærlingplassane er skarp. Ein kan rekne med at dette påverkar i kva grad lærlingane fullfører. Innan TIP veit vi at bransjane slit med rekrutteringa, og innan byggfag er det mange læreløp som ikkje er 2+2-løp, men gjerne både tre og fire år. I tillegg får dei fleste elevane tilbod om læreplass uavhengig av resultat frå skulen. Dette er ikkje tilfelle for elevar frå TIP og Elektrofag.

### Strukturelle utfordringar for yrkesfag

Ei av dei største utfordringane i vidaregåande opplæring er å få fleire til å fullføre med fag- eller sveinebrev. Det er to hovudutfordringar knytt til dette. Den eine er bedriftene, dvs. arbeidslivet, sitt behov for kompetent arbeidskraft, medan den andre er ungdomane si mogelegheit til å avslutte ei starta utdanning. Desse to hovudkomponentane spelar ikkje alltid saman. Det ser ein igjen i at det er bransjar og yrke ein ikkje får tilstrekkeleg med kompetent arbeidskraft, medan det på andre område er populære fag der konkurransen om lærlingplassane ofte blir urimeleg skarp. Både media og tunge aktørar i samfunnsdebatten (SSB, NAV, NHO, KS, med fleire) melder om stor trong for fagarbeidarar i nær framtid. Trenden er å motivere fleire unge til å velje yrkesfag, som ein på mange måtar kan sei er vellykka i Hordaland når ein ser auke i søkjarar til lære. I tilstandsrapporten for samfunnskontrakten kjem det fram at arbeidslivet ikkje har klart å tilpasse seg denne auken og at det dermed er ein større del av søkjarane som ikkje får tilbod om læreplass. Dette legg press på både arbeidsliv og skuleeigar til å finne løysningar.

I tilstandsrapport 2015/16 blei det estimert at vi kunne forvente ein nedgang i talet på kontraktar. Trenden med låg sysselsetting innan bransjar med tilknytning til olje og gass frå 2015 såg vi inn i 2016, men ikkje i så stor grad som forventa. I tillegg kan vi sjå at tal lærekontraktar i andre utdanningsprogram aukar, noko som kan vere forklaringa på at talet på kontraktar har hatt ein liten auke og ikkje ein nedgang. Lærekontraktar innan TIP og EL, som er mest avhengige av olje- og gassektoren, har gått ned frå 516 i 2015 til 486 i 2016 (TIP) og 339 til 309 kontraktar (EL). Dei faga som veks mest er HO med ein oppgang frå 338 kontraktar i 2015 til 377 i 2016, samt SS med 161 kontraktar i 2015 til 197 kontraktar i 2016.



### Skulen som førebuing til opplæring i arbeidslivet

Lærlingundersøkinga er ei obligatorisk spørjeundersøking som skal gi lærlingane moglegheit til å formidle meiningar om opplæringa og andre høve som er sentrale for læringsutbyttet og læringsmiljøet. I denne samanheng er det valt ut indikatorar som gir eit godt grunnlag for å vurdere korleis opplæring i skule førebur elevane til opplæring i arbeidslivet.

Av spørsmåla under, kan ein sjå at om lag 57 % av lærlingane meiner opplæring i skulen alt i alt har vore ei god førebuing til opplæring i arbeidslivet. På spørsmål om prosjekt til fordjuping (no yrkesfagleg fordjuping) eller praksis gjorde at eleven fekk lære plass, er det om lag 42 % som er einig i det. Når ein også ser at om lag 32 % er ueinige i det same spørsmålet, kan det vise at faget og praksis i varierende grad bidreg til at elevane får seg lære plass.

Om lag 35 % av lærlingane meiner at undervisning i fellesfaga var tilpassa lærefaget. Ser ein dette spørsmålet i samanheng med tilsvarende spørsmål i Elevundersøkinga, er det 67 % av elevane som meiner at undervisninga er tilpassa utdanningsprogrammet. Det er altså ein stor forskjell i korleis elevar og lærlingar svarar på like spørsmål, når dei er i ein ulik kontekst og med ulike erfaringar. Det er om lag dobbelt så mange elevar som svarar på desse spørsmåla om yrkesfagleg opplæring samanlikna med lærlingundersøkinga, som også kan ha noko å seie for korleis svara fordeler seg.

Er du einig i desse påstandane om skuledelen av opplæringa di (Vg1 og Vg2)?	Heilt einig	Nokså einig	Verken einig eller ueinig	Nokså ueinig	Heilt ueinig
Undervisning i fellesfaga var tilpassa faget mitt	7,74 %	26,38 %	35,86 %	18,8 %	11,22 %
Undervisning i yrkesfaga ga eit godt grunnlag for det eg skulle lære i lærebedrifta	18,81 %	40,79 %	25,38 %	10,59 %	4,43 %
Utstyret vi brukte på skulen var oppdatert og i god stand	14,93 %	35,39 %	28,52 %	14,93 %	6,24 %
Lærarane hadde god innsikt i det eg skulle møte i læretida	24,09 %	40,21 %	22,12 %	8,21 %	5,37 %
Praksisen på skulen var relevant for opplæring i arbeidslivet	28,39 %	38,62 %	22,13 %	7,06 %	3,81 %
Prosjekt til fordjuping/praksis gjorde at eg fekk lære plass	24,18 %	18,06 %	25,93 %	8,04 %	23,79 %

Tabell 16: Lærlingundersøkinga 2016. Skulen som førebuing til arbeidslivet. PULS.



	Svært godt fornøgd	Nokså fornøgd	Verken fornøyd eller misnøgd	Nokså misnøgd	Svært misnøgd
Kor fornøgd er du med opplæringa i skulen som førebuing til opplæring i arbeidslivet?	15,18 %	42,06 %	29,72 %	8,46 %	4,58 %

Tabell 17: Lærlingundersøkinga 2016. Skulen som førebuing til arbeidslivet. PULS.

### Samfunnskontrakten

I 2016 blei det signert ein ny samfunnskontrakt for fleire læreplassar. Hovudmålet er at alle kvalifiserte søkjarar skal få tilbod om læreplass. I 2017 publiserte Utdanningsdirektoratet ein indikatorrapport<sup>11</sup>, som presenterer nye indikatorar for å følgje utvikling på læreplassar i prosjektperioden.

Ein viktig indikator er utvikling i søkjarar som får læreplass. Rapporten viser at Hordaland har ein prosentvis nedgang i 2016 på tross av ein auke i talet på lærekontraktar. Hovudårsaken er at vi har ein jamn auke i talet på søkjarar til læreplass, men arbeidslivet har ikkje klart å hente inn denne auka med læreplassar. Prosentdelen søkjarar som har fått lærekontrakt har derfor gått ned frå 74 % til 68 % dei tre siste åra.

Det er likevel fleire lyspunkt i rapporten om utviklinga i Hordaland når ein ser på dei andre indikatorane i rapporten. Hordaland har ei betring på alle dei andre indikatorane.

Nøkkeltal og vurderingar	Verdi	Utvikling <sup>12</sup>
1. Del søkjarar med godkjent lærekontrakt	68 %	-7 %
2. Del elevar med direkte overgang til læreplass frå Vg2	37 %	6 %
3. Del elevar fortsatt i vgo etter Vg2	79 %	3 %
4. Tal lærekontraktar	2108	3 %
5. Tal lærebedrifter med lærling	1706	14 %
6. Tal fag- og sveinebrev	2693	12 %
7. Del elevar med oppnådd fag- eller sveinebrev	82 %	3 %

Tabell 18: Nøkkeltal og vurderingar. Indikatorrapport for samfunnskontrakten 2017.

Som følge av rapporten vil det vere eit innsatsområde for Hordaland å arbeide meir for at fleire kvalifiserte søkjarar skal få tilbod om læreplass.

### Avlagde fagprøvar

I 2016 blei det avlagd 3111 fag-, sveine- og kompetanseprøvar i Hordaland.

Fagopplæringskontoret merkar stor interesse frå vaksne som ønsker å ta fag- eller sveinebrev etter fleire år i yrket sitt. Eit fag- eller sveinebrev kan for mange vere det som tyngar vektskåla i favør å behalde jobb i nedgangstider.

Status	2012	2013	2014	2015	2016
Avlagde prøvar	2449	2805	3101	3091	3111
Praksiskandidatar	28,2 %	31,9 %	34,8 %	35,6 %	35 %
Stryk lærlingar	9,9 %	11,3 %	10,1 %	9,1 %	10,1 %
Stryk elevar <sup>13</sup>	39,7 %	28,8 %	28,8 %	21,7 %	26,8 %
Stryk praksiskandidatar	4,9 %	8,1 %	7,7 %	8,6 %	10,6 %

Tabell 19: Utvikling avlagde prøvar 2012-2016. Qlikview.

Fagopplæringskontoret har også hatt særleg oppfølging av Vg3 slutt opplæring, der fylkeskommunen har oppretta fleire 2-års løp for elevar som ikkje har fått læreplass. Dette er eit tilbod til kvalifiserte søkjarar som ikkje har fått tilbod læreplass. I tillegg til 2108 nye lærekontraktar har Hordaland tatt inn 133 elevar til

<sup>11</sup> [Indikatorrapport 2017 - Oppfølging av Samfunnskontrakt for flere læreplasser \(2016-2020\)](#)

<sup>12</sup> Indikator 1, 4 og 6: 2011 til 2016. Indikator 2 og 3: 2010 til 2015. Indikator 5: 2013 til 2016. Indikator 7: 2008-kullet til 2011-kullet.

<sup>13</sup> Inkluderer elevar i Vg3 slutt opplæring

fagopplæring i skule. Dette er ein oppgang frå 47 elevar i 2012. Vi ser at strykprosenten blant elevar i denne modellen er mykje høgare enn for lærlingar og praksiskandidatar. Alternativet for mange av desse kandidatane er likevel å gå utan lærekontrakt, ta omval eller fortsette på Vg3 påbygg.

### **Lokale strategiar**

Som eit ledd for å oppfylle forpliktingar i samfunnskontrakten, har fagopplæringskontoret sett i verk fleire tiltak. Nokre av tiltaka slik som kursing av prøvenemnder og instruktørar i bedrift er ikkje nye, men er likevel ein viktig del av å drive systematisk kvalitetsutvikling over tid. Fagopplæringskontoret arrangerte i 2016 42 kurs for instruktørar og faglege leiarar, der rundt 900 personar gjennomførte kurset.

Kurs for fagleg leiar er ein del av kvalitetsarbeidet til fagopplæringskontoret, og kurset er obligatorisk for faglege leiarar, men instruktørar, daglege leiarar og lærarar i yrkesfag er også velkomne. I tillegg til dagskurset for faglege leiarar, har 188 personar gjennomført eit elektronisk introduksjonskurs. Dette kurset er no obligatorisk.

Gjennom kursa ønsker vi å gjere fagleg leiar tryggare i rolla som rettleiar for lærling/lærekandidat. Viktigheita av å ha fokus på lærlingen og opplæringa, at det er struktur på opplæringa og at lærebedrifta lagar ein plan for læretida, blir vektlagt. Det same blir viktigheita av at fagleg leiar følgjer opp og har god praksis for underevgsvurdering.

Skuleåret 2016/17 har fagopplæringskontoret prioritert kursing og oppfølging av prøvenemnder. Alle medlemmane skal ha gjennomført det nettbaserte kurset som gir ei grunnleggande innføring i arbeidet. Det har også vore arrangert eindagskurs der alle prøvenemndsmedlemmane har vore inviterte for å utarbeide vurderingskriterium for fag-/sveineprøvar. Det er utarbeidd kriterium for 27 ulike fag, og fleire er under arbeid. På den måten kan lærlingar, bedrifter og praksiskandidatar gjere seg kjent med kva krav som blir stilt for å bestå fag- eller sveineprøva.

Gjennom å delta på fag- og sveineprøver, kan fagopplæringskontoret kvalitetssikre prøvenemnda sitt arbeid, få eit betre innblikk i sjølve faget og kva utfordringar som ligg i gjennomføringa, både for prøvenemnd, bedrift og kandidat. Prøvenemnda får tilbakemeldingar på både bevarings- og forbetningspunkt.

### **«Auka gjennomføring – fleire ut i lære»**

For å styrke samhandlinga med regionalt arbeids- og næringsliv er fagopplæringa godt i gang med prosjektet «auka gjennomføring - fleire ut i lære». Prosjektet har som mål at fleire gjennomfører og fullfører læretida. Det er tilsett ein yrkesfagleg koordinatorar ved fem vidaregåande skular (prosjektskulane). Prosjektplan blei vedtatt våren 2017, og dei fem yrkesfaglege koordinatorane (YFK) starta arbeidet 1. juni 2017.

Eit systematisk arbeid i prosjektskulane og ei heilskapleg forståing for fag- og yrkesopplæring i Hordaland, må utviklast gjennom eit samarbeid mellom dei yrkesfaglege koordinatorane, skulane og arbeids- og næringslivet. Prosjektet skal utvikle nye metodar for formidling, inkl. årshjul og system for formidling til læreplass. System og metodar som blir utvikla skal kunne implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden.

Dei fem YFK vil være sentrale i oppbygginga av dei lokale nettverka i Hordaland. Det skal etablerast lokale nettverk som består av tilsette i fylkeskommunen, som har direkte kontakt med eleven, og aktørane som skal ta imot elevane som lærlingar. YFK ved dei fem prosjektskulane har starta med systematisering av skulen sine lokale nettverk.

Prosjektet er i gang med kurset «støtte i overgang til lære». Tidlegare har det vore arrangert læreplasskurs i regi av fagopplæringskontoret. Kursa er for søkjarar til læreplass som er kvalifiserte og ønsker læreplass og ikkje er formidla til læreplass per 15. august. Kursa blir arrangert på dei fem prosjektskulane. Prosjektskulane blir ein regionskule for kurset.

Forskningsoppdraget med BI blir dokumentert i ein delrapport, levert fylkesdirektør opplæring 30. september. Handelshøyskolen BI vil konstruere forslag til ein ny modell for å drive fag- og yrkesopplæring. Piloten er tenkt testa ut under kontrollerte forhold ved to av dei vidaregåande skulane i Hordaland.

## Skulebidragsindikatorar i vidaregåande skule

Etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, utarbeidde NIFU rapporten *Skulebidragsindikatorer i vidaregåande skule*<sup>14</sup> i mai 2017. Rapporten er ei vidareføring og vidareutvikling av rapporten *Skolekvalitet i vidaregåande opplæring* som Senter for økonomisk forskning (SØF) publiserte i april 2016. Rapportane ligg som grunnlag for å etablere varige nasjonale skulebidragsindikatorar.

Skulebidrag kan definerast som ein auke i elevane sitt læringsutbytte som eit resultat av skulen sin innsats. Det kan tolkast som det ein tilfeldig valt elev hadde oppnådd ved å gå på ein skule dersom elevgrunnlaget hadde vore likt for alle skulane.

*Skuleårsindikatoren* ser på forventa fullføring, forventa gjennomføring og justerte karakterar. NIFU måler graden av gjennomføring og fullføring (sjå faktaboks) på dei ulike trinna og overgangane for skuleåret 2014/15 for alle skulane. Ut i frå dette estimerer dei kor mange prosent av elevane på Vg1 som vil fullføre og/eller gjennomføre heile skuleløpet. Vidare justerer dei dette resultatet for elevane sine grunnskulekarakterar, foreldra si utdanning, arbeidsmarknadsstatus og løn, kjønn, innvandrarsstatus og borteboarstatus.

På denne måten får ein frem eit «reindyrka» skulebidrag – uavhengig av kva bakgrunn elevane har. Skulebidragsindikatoren er såleis eit mål på **skulen sitt bidrag** til gjennomføring, fullføring og karakterutvikling.

Det er eit klart mål for Udir å etablere faste skulebidragsindikatorar som blir presentert kvart år. SSB publiserte januar 2017 ein tilsvarande rapport som tar for seg skulebidraget til dei ulike grunnskulane i Noreg.

### Resultata for Hordaland

Rapporten er ikkje godt egna for å gje eit «overordna blick» for hordalandsskulane samla sett, til det er variasjonane mellom skulane for store – og akkurat det er kanskje eit av dei viktigast funna på fylkesnivå: Det er stor ulikskap mellom dei ulike skulane i kva grad dei bidreg til auka gjennomføring og fullføring. Særskilt er det store variasjonar ved dei yrkesfaglege skulane.

I tillegg til resultatata ein kan sjå i tabellen på neste side, har NIFU også brote ned tala på trinn og overgangar. På den måten kan den einkilde skule sjå kor i løpet skulebidraget avviker frå nasjonalt snitt. Dette gjer også at rapporten gir betre indikasjonar på kvar skulen bør sette inn tiltak.

På regionale rektorsamlingar i september 2017 blei tala presentert for alle rektorane og ass. rektorane i fylket. Det blir jobba med korleis rapporten kan supplere kunnskapsgrunnlaget ein allereie har om eigen skule, og korleis rapporten kan vere nyttig i eit skuleutviklingsperspektiv.

### Korleis lesa tala?

Skuleårsindikatoren må lesast slik: Dersom alle skulane hadde likt elevgrunnlag, kor stor sjanse er det for ein Vg1-elev å fullføre/gjennomføre heile skuleløpet på ein gitt skule, samanlikna med nasjonalt snitt? Tala viser altså om skulebidraget er betre eller svakare enn forventa, *gitt at elevgrunnlaget var likt på alle skulane*.

Tal stjerner viser til signifikansnivå, altså kor sikker ein kan vere på at resultatet skil seg frå gjennomsnittet. Tre stjerner representerer høgast signifikansnivå. Dolk (†) representerer lågast signifikansnivå.

Med **fullføring** meiner NIFU «andel elever som gjennomfører med fullført og bestått i alle fag gjennom skuleårene, og som har progresjon fra Vg1 til Vg2 og fra Vg2 til Vg3 eller lære». I praksis blir dette «fullført og bestått alle trinn og alle fag på normert tid» (og ut i lære/vg3 for yrkesfag).

Med **gjennomføring** mener NIFU «andel elever som gjennomfører uten å avbryte skolegangen i løpet av skuleårene og overgangene mellom skuleårene. Dette inkluderer de som fullfører og består, de som har progresjon med stryk, og de som foretar omvalg/gjenvalg». I praksis blir dette «kor mange er det som ikkje har slutta i løpet av skuleløpet. (3 år (stud) og 2 år + overgang (yrk)). Alle resultatata må lesast opp mot nasjonalt snitt.

<sup>14</sup> [Skulebidragsindikatorer i vidaregåande skule](#)

	Studieførebuande			Yrkesfag			Påbygg/VG3 MK+NA		
	Forventa gjennomføring	Forventa fullføring	Justerte karakterar	Forventa gjennomføring	Forventa fullføring	Justerte karakterar	Forventa gjennomføring	Forventa fullføring	Justerte karakterar
<b>Landssnitt</b>	<b>89,5</b>	<b>60,5</b>	<b>4</b>	<b>71,7</b>	<b>52,8</b>	<b>3,7</b>	<b>95,4</b>	<b>71,4</b>	<b>3,6</b>
Fylkessnitt	0,2	-3,3	0	-1,4	-2,5	0	-0,9	-3,1	-0,1
Amalie Skram	-2,7	-7,6	-0,1	-3,8	3,3	-0,2†	4,6***	7,7	0,4**
Arna				-1,5	-5,7	0,2†			
Askøy	-4,8	-4,3	-0,3†	12,4*	-12,4*	-0,4***	4,6***	-1,8	-0,2
Austevoll				4,4	12,7**	0,1			
Austrheim	2,3	-7,5	0,2	10,6**	0,5	0			
Bergen	7,4	-20,7†	-0,2						
Bergen maritime				-3,3	-13,1*	0			
Bømlo	-0,1	6,5	-0,1	2,1	-3,6	0	-1	-17,5	-0,2†
Etne	10,5***	9,1	-0,1	-8,6†	-3,4	-0,1			
Fana	-2,5	-5	0						
Fitjar				8,7*	3,3	0,2*	-6,5	6,8	-0,1
Fusa	10,5***	-20,5†	-0,6***	9,1*	-3,7	-0,1			
Fyllingsdalen	2,7	-3,7	0	-10,4†	-8,6†	0	0,8	-2,3	-0,2
Garnes	4,4	-11,2	-0,2	-0,9	0,6	-0,4***	2,9	0,7	-0,1
Hjeltnes				0,9	5,5	-0,1			
Knarvik	-0,3	-6,4	0,1	2,3	-3,9	0	4,6***	14,5**	-0,1
Kvinnherad	1,2	6,1	-0,1	-1,5	3,2	0,1†	-1,3	-13†	-0,4**
Laksevåg	-1,2	-5,4	0	3	-4,3	-0,2*	-3,2	-3,6	0,1
Langhaugen	-0,4	-5,9	0,1						
Lønborg				10,6**	-5,3	0,1	4,6***	-13,5†	-0,6***
Nordahl Grieg	4,1	4,8	0	7,8†	1,1	-0,1	-6,4	0,8	0,3*
Norheimsund				11,5**	16,1***	0,1			
Odda	3	-1	-0,2	-4,8	-10†	0,1			
Olsviksåsen	-2,8	-1,7	0,2†	13,3***	3,7	-0,3**	4,6***	6,4	0
Os gymnas	3,3	8	0,1						
Os vgs				6,2	7†	-0,1	-3	-8,6	-0,3*
Osterøy	10,5***	7,5	-0,1	-9,2†	-4,4	0,1			
Rogne				0,3	10,1*	-0,2†			
Rubbestadnes				-3	-3,8	0,2*			
Sandsli	-0,8	-10	-0,1	-9,4†	-2,5	0			
Slåtthaug				-8,5†	-3,9	0	-3,7	-15,1†	-0,4**
Sotra	-0,4	-10,2	-0,2	-4,3	-3,7	0,1	-3,3	-4,2	-0,1
Stend	10,5***	16,3†	0,2†	-6,5	-1,9	0,1	4,6***	-28,***	-0,4**
Stord	4,4	2,4	-0,1	2,7	6,3	-0,1	0,9	-6,8	-0,2
Tertnes	4	-3	0,1	-8,8†	-16,9**	-0,2†			
U.Pihl	3,6	5,5	0,1						
Voss gymnas	-0,3	-1,8	-0,2						
Voss husflid	12,3*	4	0	17,5***	-7,9†	0,4			
Voss jordbruk				9,1*	15,7***	0,2†	4,6***	17,1***	0,2
Voss vgs				-0,6	0,6	0,2†	0,1	2,8	0
Øystese	0,8	4,5	0,3†						
Årstad				-11,3*	-10,8*	-0,2*	-5,5	0,4	-0,3**
Åsane				-1,5	-1,8	0	-2,3	-2,9	-0,1

Tabell 20: Skuleårsindikatorar. NIFU.

## Complete – for å betre psykososialt læringsmiljø og auke gjennomføringa

*Complete* er eit forskingsprosjekt utvikla for å betre det psykososiale læringsmiljøet og bidra til å auke gjennomføring. Prosjektet inneber å implementere og evaluere effekten av to tiltak som skal legge til rette for gode psykososiale læringsmiljø og redusere fråfall. Prosjektet består av to tiltak, Drømmeskolen og Nærværsteam.

Den første delrapporten i forskingsprosjektet kjem i januar 2018.

**Drømmeskolen** er eit universelt tiltak, retta mot alle Vg1-elevane.

Tiltaket er ein modell for å jobbe systematisk med det psykososiale miljøet, ut i frå eit helsefremjande perspektiv. Målet er å skape eit læringsmiljø der elevane opplever trygghet og tilhøyrsløse, får brukt ressursane sine, og fremja psykisk helse. Drømmeskolen består av ulike komponentar som skaper kontinuitet og rammer for skulen sitt heilskaplege arbeid med læringsmiljøet.

Elevmentorane er dei viktigaste aktørane i Drømmeskolen. Dei har ei spesiell rolle som førebilete for andre elevar på skulen, og for at medelevane skal oppleve trygghet, tilhøyrsløse og motivasjon. Elevmentorane får opplæring og rettleiing i korleis dei kan bidra til at medelevar føler seg sett og tatt i vare når dei er på skulen. Elevmentorane skal mellom anna:

- ta imot nye elevar når dei begynner på skulen
- bidra til å skape samhold og gode relasjonar i nye klasser
- lage aktiviteter på skulen som skapar inkluderande møteplassar
- halde temasamlingar for medelevar om m.a. «vennskap og relasjonar»

**Nærværsteam** er eit indikert/selektivt tiltak, som dekkjer definerte risikogrupper.

Tiltaket er retta spesielt mot psykososial oppfølging av målgruppa for programmet – unge som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring – og skal sikre gode overgangar inn i, og mellom trinn i vidaregåande opplæring.

Nærværsteam omorganiserer elevtenesta på skulen, med grep som m.a.:

- samlokalisere elevtenesta
- ansvarsavklaring, oppfølging av elevar med risiko for å slutte, og melde til førebyggjande team
- informasjon til elevar, lærarar og føresette
- auka fokus på psykisk helse
- oppfølging av fråværr

Forskarar frå Oxford Research reiser rundt til skulane med spørjeundersøking til elevane haust og vår, og forskarar frå Nordlandsforskning har ein større intervjurunde om våren. I tillegg til dette blir elevane sitt fråværr og karakterar kartlagt. På denne måten kan forskarane finne ut om elevane frå dei skulane som har tiltak har meir trivsel og høgare gjennomføring enn elevane ved kontrollskulane, som i Hordaland er Øystese gymnas/Norheimsund vgs.

### Hovudmåla er å:

- a) skape gode overgangar til vidaregåande skule
- b) redusere fråværr
- c) auke motivasjonen for å fullføre og for å prestere fagleg
- d) gi tidleg og god helseoppfølging
- e) førebygge fråfall mellom dei ulike åra i utdanningsløpet
- f) følge opp arbeidet på systemnivå, både internt og eksternt.

**Austrheim, Fusa, Garnes og Stord vidaregåande skular** deltar i Drømmeskolen.

**Austrheim og Arna vidaregåande skular** har i tillegg til Drømmeskolen, også Nærværsteam. To rådgivarar frå Bodin vgs i Nordland er rettleiarar for tiltaket. OT har koordineringsansvar.

**Øystese gymnas/Norheimsund vgs** er kontrollskular.

**Universelle tiltak** dekker heile skulen og alle elevar, også dei som ikkje er identifisert til å vere i ei risikogruppe ved oppstart, men som kan vere sårbare i høve til overgangen mellom ulike skular.

**Selektive tiltak** dekker spesielt sårbare/utsette grupper med behov for tett oppfølging, og indikative tiltak dekker definerte risikogrupper (dei som kjem med allereie manifesterte psykiske vanskar eller diagnosar).

## AUKA LÆRINGSUTBYTTE

Med utgangspunkt i skulen sine ulike og mangfaldige oppgåver, kan omgrepet læringsutbytte definerast vidt. Denne kvalitetsmeldinga måler læringsutbyttet primært gjennom karakternivå og karakterutvikling, men det må presiserast at karakterar ikkje gir eit fullgodt svar på spørsmål om kvalitet og læringsutbytte. For å få eit meir utfyllande bilete av kvaliteten, utviklinga og utbyttet frå opplæringa må vi også ta omsyn til informasjon frå styringsdialog og arbeidet med det verksemdbaserte vurderingsarbeidet. Karakterar gir likevel verdifull informasjon om nivå og resultat i skulen, og er den beste kjelda vi har for å vurdere utvikling og samanlikning med nasjonalt nivå.

Kapittelet er inndelt på følgande måte:

*Karakternivå* viser samla snitt i standpunkt-karakterar i sentrale fellesfag og avvik mellom standpunkt og eksamen i dei fellesfaga kor elevane også har vore oppe til eksamen.

*Kompetanseheving* viser til strategiane HFK har for etter- og vidareutdanningsfeltet og ei vurdering av aktivitetane i 2016/17.

*Læringskultur* brukar indikatorar frå Elevundersøkinga som beskriv korleis elevane opplev arbeidsro i timane, relasjonar til lærarane og vurderingspraksis. Læringskulturen i ein klasse har betydning for elevane sin konsentrasjon, merksemd og deltaking i opplæringa.



### Samla karaktersnitt i fellesfag

Fellesfag er obligatoriske fag som alle elevane skal ha. Faga norsk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnsfag og kroppsøving må alle elevane gjennom uavhengig av kva utdanningsprogram dei går på. Tabellen under viser resultat i desse faga i skuleåret 2015/16 og 2016/17 i HFK, og nasjonalt 2016/17.

I det store og heile er det naturleg liten bevegelse i standpunktkarakterar frå førre skuleår. Av 21 karaktersnitt ein kan lese under, er det likevel ein karakterauke i 13 av faga og nedgang i tre fag. Fem av faga er like frå førre skuleår. Variasjon er mellom 0,1 og 0,2 karakterpoeng.

### Standpunktkarakterar i fellesfag i Hordaland

Fellesfag, standpunkt	HFK 2015/16	HFK 2016/17	Nasjonalt 2016/17
Engelsk, Vg1 SF	4,4	4,4	4,3
Engelsk, Vg2 YF	3,5	3,6	3,6
Matematikk 1P	3,5	3,4	3,5
Matematikk 1P-Y	3,3	3,4	3,4
Matematikk 1T	4,0	4,0	4,0
Matematikk 1T-Y	3,9	3,8	3,9
Matematikk 2P	3,4	3,6	3,6
Matematikk 2P-Y	3,1	3,2	3,3
Naturfag, Vg1 SF	4,4	4,3	4,2
Naturfag, Vg1 YF	3,6	3,7	3,7
Naturfag, Vg3 PB	3,5	3,7	3,6
Norsk hovudmål, Vg3 PB, skriftleg	3,3	3,5	3,4
Norsk hovudmål, Vg3 SF	3,9	3,9	3,9
Norsk sidemål, Vg3 PB	3,1	3,3	3,2
Norsk sidemål, Vg3 SF	3,7	3,8	3,7
Norsk, Vg2 YF	3,7	3,7	3,7
Norsk, Vg3 PB, munnleg	3,8	3,9	3,9
Norsk, Vg3 SF, munnleg	4,3	4,4	4,4
Samfunnsfag Vg1 SF og Vg2 YF	4,1	4,1	4,1
Kroppsøving Vg2 YF	4,2	4,3	4,2
Kroppsøving Vg3 SF	4,6	4,7	4,7

Tabell 21: Standpunkt fellesfag 2016/17. Hjernen og Hjertet.

### Avvik mellom standpunktkarakterar og eksamen i Hordaland

Det blir gitt karakterar både i standpunkt og eksamen, men i dei fleste fag blir berre delar av elevgruppa trekte ut til eksamen. Denne tabellen viser gjennomsnittlege standpunktkarakterar for dei elevane som har vore oppe til eksamen i dei same faga.

Tabellen viser at gjennomsnittleg eksamenskarakter er lågare enn gjennomsnittleg standpunktkarakter i alle faga. Nokre av fellesfaga har opp mot eitt karakterpoeng i differanse mellom standpunkt- og eksamenskarakter. Det er verdt å merke seg at i desse faga er det relativt få elevar som har vore oppe til eksamen, og resultatane kan då vere sårbare for tilfeldige svingingar, i tillegg til at ein standpunktkarakter har eit langt breiare vurderingsgrunnlag enn eksamen. Ein tendens er at gjennomsnittleg standpunktkarakter ligg om lag ein halv karakter over gjennomsnittleg eksamenskarakter, noko som også samsvarar med nasjonale tal.

Eit unntak er matematikk 1P, kor det nasjonalt er eit avvik på ein karakter mellom gjennomsnittleg standpunktkarakter og eksamenskarakter. Tal frå Utdanningsspeilet 2017<sup>15</sup> viser at nasjonalt får 78 % av elevane lågare karakter til eksamen enn til standpunkt. Berre ein prosent får høgare standpunktkarakter enn eksamenskarakter i dette faget.

Lokalt brukar skulane denne informasjonen som indikatorar på eigen undervisnings- og vurderingspraksis, og tematiserer dette gjennom m.a. gjennom årlege tilstandsrapportar. Opplæringsavdelinga følgjer opp skular der det er større differansar.

Fag	Standpunkt	Skriftleg eksamen	Avvik	Tal elevar
Engelsk, Vg1 SF	4,3	3,8	-0,5	303
Engelsk, Vg2 YF	3,9	3,0	-0,9	145
Matematikk 1P	3,6	2,5	-1,1	57
Matematikk 1P-Y	3,3	3,0	-0,3	221
Matematikk 1T	4,0	3,0	-1,0	111
Matematikk 1T-Y	4,3	3,1	-1,2	25
Matematikk 2P	3,6	3,0	-0,6	309
Matematikk 2P-Y	3,1	2,5	-0,6	524
Norsk hovudmål, Vg3 PB, skriftleg	3,5	2,7	-0,8	1008
Norsk hovudmål, Vg3 SF, skriftleg	3,9	3,6	-0,3	2461
Norsk sidemål, Vg3 PB, skriftleg	3,4	2,8	-0,6	438
Norsk sidemål, Vg3 SF, skriftleg	3,7	3,4	-0,3	1107
Norsk, Vg2 YF	3,9	3,6	-0,3	315

Tabell 22: Differanse standpunkt og eksamen 2016/17. Hjernen og Hjertet.

### Sommarskolen 2017

158 elevar og lærlingar deltok på sommarskolen som HFK arrangerer i samarbeid med Røde Kors. 16 lærarar har undervist i matematikk for studiespesialisierende og yrkesfag samt i norsk og engelsk for minoritetsspråklege.

Sommarskolen har ein viktig verdi i at den gir elevane mogelegheit til å fokusere på eit fag gjennom 14 dagar. Det gir elevane mogelegheit til å oppleve meistringskjensle i eit fag dei kanskje har hatt utfordringar i gjennom skuleåret. På den måten kan elevane bli betre rusta for læringsarbeidet i skuleåret som ventar dei.

Sommaren 2017 møtte 48 elevar og lærlingar til eksamen for matematikk på yrkesfag. 28 av dei bestod, som er det beste resultatet etter at det blei innført ny eksamensordning i 2015. Samtidig er det lågaste tal kandidatar sidan 2014. 15 av 48 deltakarar var lærlingar - 13 av dei fekk bestått.

	2014	2015	2016	2017
Deltakarar	99	131	160	158
Deltakarar som tok eksamen i matematikk 1P-Y	43	60	52	48
<b>Bestått</b>	30 (70%)	31 (52%)	23 (44%)	28 (58%)

Tabell 23: Resultat for sommarskolen 2017. Opplæringsavdelinga.

<sup>15</sup> [Utdanningsspeilet 2017](#)



## Kompetanseutvikling

Etter- og vidareutdanning av mellom anna lærarar/instruktørar, faglege leiarar (bedrift), skuleleiarar, rådgivarar og elevinspektørar er eit av skuleeigar sine viktigaste tiltak for å styrke elevane og lærlingane si læring med mål om auka læringsutbytte og fullføring.

### Etterutdanning

Med etterutdanning meiner ein kompetanseheving som fornyar og fyller ut den formelle kompetansen ein allereie har. I motsetnad til vidareutdanning gir ikkje etterutdanning auka formalkompetanse gjennom studiepoeng.

Fagnettverka er skuleeigar sitt viktigaste verktøy for gi lærarane relevant etterutdanning. Nettverka består av lærarar, skuleleiarar, skuleeigarrepresentantar og eksterne representantar frå næringsliv eller universitets- og høgskulesektoren. Kurs og samlingar nettverka arrangerer skal bidra til utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis i fag, der elevar og lærlingar si læring står i sentrum.

Fagnettverka var i full drift skuleåret 2016/17. Hausten 2017 er regional planleggingsdag ein viktig fagdag der nettverka har ansvar for å tilby faglege tilbod for alle fagområde.

### Vidareutdanning

Med vidareutdanning meiner ein utdanning frå universitet og høgskule som gir formell kompetanse og kan omfatte både påbygging på fag ein allereie har utdanning i, og utdanning i nye fag. Vidareutdanning skal vere målretta mot fagområde det er særleg behov for å styrke. Vidare skal dei vere retta inn mot lærarar som profesjonsutøvarar og gi fagleg og didaktisk kompetanse i faga. Kva fag og pedagogisk kompetanse som skal prioriterast kvart år skal drøftast i samband med den årlige rulleringa av Plan for kompetanseutvikling.

#### Kompetanse for kvalitet

Skuleåret 2016/17 deltok 70 lærarar i den nasjonale ordninga Kompetanse for kvalitet, ei ordning som gir frikjøp eller stipend til lærarar som tar vidareutdanning. Av dei lærarane som deltok i ordninga, var det 39 lærarar som tok vidareutdanning innan realfag, 17 innan språkfag, inkl. andrespråkslæring, 11 innan prosjekt til fordjuping og master i yrkespedagogikk og 3 tok rådgivararutdanning. I tillegg deltok 8 skuleleiarar på rektorutdanninga, også finansierte av staten.

Av lokale midlar vidareutdanna HFK 12 lærarar innan tilpassa opplæring/spesialpedagogikk.

#### Yrkesfaglærarløftet

HFK delar i eit pilotarbeid i samband med utvikling av vidareutdanningstilbod gjennom den nasjonale strategien Yrkesfaglærarløftet. HFK har samarbeidd med Høgskolen i Oslo og Akershus (HIOA) og Høgskulen på Vestlandet (HVL). I 2017 har det vore starta fire 15 stp studium i Hordaland gjennom dette pilotarbeidet. Dei tre studia er *relevant opplæring gjennom yrkesdifferensiering del 1 og 2*, *vurdering for læring* og *elevretta tiltak og rettleiing*. 57 lærarar deltar, fordelt på 19 skular. 45 av lærarane deltar på to studiar. Lærene får anten frikjøp eller utdanningsstipend gjennom ordninga.

### Skulebasert kompetanseutvikling

Hordaland fylkeskommune har takka ja til å delta i *Kompetanse for mangfald*, som er eit skulebasert kompetanseløft på det fleirkulturelle området. Minoritetsspråklege barn og unge møter særskilde utfordringar i utdanninga, og målet er at tilsette i skulane skal klare å støtte barn og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som bidreg til at desse fullfører og består opplæringa. Høgskulen på Vestlandet (HVL), tidlegare Høgskolen i Bergen, skal bidra med fagleg støtte og legge til rette for fagleg refleksjon. Utgangspunktet er skulane sine kompetansebehov. Den faglege støtta frå HVL startar opp hausten 2017 og går over minst to semester. Fyllingsdalen vgs, Olsvikåsen vgs og Øystese gymnas deltar i den skulebaserte kompetanseutviklinga.


## Læringskultur

I ein klasse utviklar det seg normer for kva som er viktig, korleis ein skal forholde seg til medelevar og lærarar, og kva arbeidsinnsats som blir forventa eller er akseptabel. Læringskulturen har betydning for elevane sin konsentrasjon, merksemd og deltaking. Læraren har sterk innverknad på dei normer og verdiar som skapar læringskulturen i klasserommet.

I det følgjande blir sentrale indikatorar frå Elevundersøkinga knytt til læringskultur presentert.


### Arbeidsro i klassen

65 prosent av elevane opplever god arbeidsro i timane. 14 prosent er heilt eller delvis ueinig. Om lag like mange elevar meiner det er viktig å jobbe godt med skularbeidet. 77 prosent av elevane er einige i at lærarane synest det er greitt å gjere feil fordi det er ein del av læringsprosessen. Berre seks prosent er heilt eller litt ueinig.



Figur 19: Læringskultur. Elevundersøkinga 2016.

### Læraren sine relasjonar til klassen



Figur 20: Støtte frå lærarane. Elevundersøkinga 2016.

Læraren sine relasjonar til elevane har stor betydning for deira faglege og sosiale læringsutbytte. Elevane rapporterer at dei i stor grad opplever at lærarane bryr seg om dei, at lærarane har tru på dei og at elevane blir behandla med respekt. Samtidig viser resultatane at ikkje alle elevane opplever dette. Mellom 3 og 5 prosent av elevane seier at berre ein eller ingen av lærarane bryr seg om dei, behandlar dei med respekt eller støttar dei.

Elevundersøkinga seier ikkje noko konkret om kva som gjer at ein liten del av elevane ikkje opplever at læraren har tru på dei eller bryr seg om dei, men som Skaalvik og Skaalvik<sup>16</sup> skriv, kan også eleven og læraren si oppleving av relasjon mellom dei vere forskjellig. Eleven si oppleving av å bli respektert og akseptert, og få fagleg støtte, kan skilje seg frå i kva grad læraren opplever å gi anerkjenning og fagleg støtte.

<sup>16</sup> Skaalvik, E.M. og R.A. Frederici (2011). *Motivasjon for skolearbeid*. Tapir Akademisk forlag, Trondheim.

### *Elevane kjenner i stor grad til måla for faga*

Elevundersøkinga stiller spørsmål om korleis elevane opplever ulike høve ved vurderingspraksisen i fag, der skalaen går frå «I alle eller dei fleste fag» til «ikkje i nokon fag».

Fleire enn seks av ti elevar meiner at lærarane deira forklarar kva som er mål i faga på ein slik måte at elevane forstår dei. Om lag like mange elevar meiner læraren forklarar kva det blir lagt vekt på i vurdering av faga.

Det vanskelegaste med å få ein god vurderingspraksis er å involvere elevane på ein formålstenleg og tilstrekkeleg måte i å vurdere eiga arbeid, og å involvere dei i utforming av vurderingskriterium.

Dei overordna resultatata for Hordaland er stabile over tid, men gutane rapporterer gjennomgåande meir positivt om vurderingspraksisen. Det er ikkje store forskjellar mellom trinna, ein kan sjå at elevane på Vg1 er meir nøgd med vurderingspraksisen enn både Vg2- og Vg3-elevane. Her må ein også ta høgde for at det er obligatorisk for skulane å gjennomføre undersøkinga for Vg1-elevane, og valfri for dei andre trinna. Når ein samanliknar med resten av landet, ligg HFK noko under gjennomsnittsskåren på dei ulike spørsmåla.

Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane legg til grunn at skulane arbeider med m.a. å utvikle ein undervisnings- og vurderingskultur som er bygd på kunnskap, erfaring og observasjon av læringssituasjonar.



Figur 21: Vurdering for læring. Sum av spørsmåla «I dei aller fleste fag» og «i mange fag». Elevundersøkinga 2016.



## LÆRINGSMILJØ

*Skulen må i det daglege arbeidet leggje til rette for at alle elevar kan utvikle tru på egne ferdigheiter, oppleve fagleg meistring og ha eit godt forhold til andre elevar og lærarar på skulen. Eit godt skulemiljø bidreg til auka læringsutbytte i tillegg til personleg utvikling og trivsel hos elevane.<sup>17</sup>*

Eit trygt og godt skulemiljø er hovudkomponenten i elevane sitt læringsmiljø. Omgrepet *læringsmiljø* er tettare knytt til sjølve læringa og elevane si forventning til læring (Thomas Nordahl)<sup>18</sup>. Nordahl konkluderer med at ein godt kan kalle det elevane sitt arbeidsmiljø. Begge omgrepa er i bruk, og medan skulemiljø er eit omgrep som er lettare å forstå også utanfor skulen, av foreldre og alle andre som er opptatt av skule, er læringsmiljø meir kjent innanfor skulen. Læringsmiljø omfattar også lærlingane som Hordaland fylkeskommune har ansvar for.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø er stadfesta i ei fornying av kapittel 9A i opplæringslova. Presisering av både trygt og godt, omgrep som ikkje gjensidig utelet kvarandre, er ei styrking av elevane sine rettar. Kravet til systematisk oppfølging er skjerpa når det gjeld handling og dokumentasjon, gjennom at det er innført ei aktivitetsplikt med krav til forsvarleg dokumentasjon. Aktivitetsplikta inneber at alle som arbeider på skulen skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Aktivitetsplikta er skjerpa dersom ein som arbeider på skulen krenker ein elev. Elevar og foreldre har også direkte tilgang til Fylkesmannen dersom dei vil klage på skulen sin handsaming, og ikkje via skuleeigar, som tidlegare. Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

### Førebygging av utanforskap

At elevar og lærlingar kjenner seg som viktige personar i eit fellesskap, er avgjerande for både personleg utvikling og læring. Fornyinga av kapittel 9A understreker pliktene som skulen har for å førebygge og handle: følgje med, gripe inn og varsle når elevar opplever å ikkje ha det godt og trygt på skulen.

<sup>17</sup> Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland

<sup>18</sup> [Materiell for helhetlig arbeid med læringsmiljøet](#)

Ungdomar som strevar med identiteten sin og ikkje kjenner seg som del av fellesskapen er spesielt sårbare for skadeleg påverknad frå menneske som kan utnytte behovet deira for å høyre til.

Dette kan til dømes vere gjennom rusmiljø. Lokalt er det rusførebyggande arbeidet løfta fram gjennom ei bestilling frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. Det har vore gjort mykje godt rusførebyggande arbeid på skulane, og skuleeigar har no ei tettare oppfølging gjennom tiltak som er sett i verk frå 2016 og gjennom 2017. Dei viktigaste er:

- Retningslinjer for rusførebyggande arbeid i dei vidaregåande skulane
- *Kjentmann* på kvar skule, som elevar og tilsette kan vende seg til med spørsmål og/eller bekymring for seg sjølv eller andre
- Rettleiar til bruk for skulane er under arbeid og vil vere klar i løpet av hausten 2017
- Erfaringsdeling mellom skular på skulemiljøkonferansen 27. og 28. september 2017

For å få til ein rettleiar som held høg kvalitet og samtidig er praktisk å ty til ved behov, er det naudsynt med medverknad frå elevrepresentantar, skuleleiing og elevteneste. Fagmiljøet ved Bergensklinikkene, som også har utarbeidd *Kjentmann*-skuleringa, og Utekontakten i Bergen kommune, bidreg også i dette arbeidet.

Endring av kapittel 9A har også ført til ein gjennomgang av alle rutinar hos skuleeigar, og til nye retningslinjer og andre dokument til bruk for skulane når dei skal følgje opp den nye lovparagrafen frå og med skuleåret 2017/18. Nye rutinar skal også følgjast opp gjennom risikobaserte tilsyn.

#### *Førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme*

Dette arbeidet handlar om å gjere oss i stand til å handtere utfordringar med m.a. veksande framandgjerings, framtidstrykt og polarisering mellom grupper. Målet med arbeidet er også å gjere plass til eit mangfald av elevar og lærlingar, og tilby gode fellesskap for læring, personleg utvikling og trygge relasjonar.

Hordaland fylkeskommune blei i 2015 invitert inn i eit samarbeid med Bergen kommune og med fagmiljø som RVTS Vest og Rafto undervisning. Mykje av dette førebyggande arbeidet rettar seg mot ungdom i alderen der Hordaland fylkeskommune har opplærings- og oppfølgingsansvar. I oktober 2017 vedtok derfor fylkestinget Hordaland fylkeskommune sin *Handlingsplan for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020*.

Det sentrale tiltaket er å auke kompetansen for lærarar og andre som har sosialpedagogisk ansvar for elevane i skulen, men også opplæringskontor med instruktøransvar for lærlingar har ønskt kursing i tematikken. Dessutan er tilsette i fengselsundervisninga viktige kontaktpersonar for ungdom som gjennom framandgjerings og kjensle av utanforskap er i fare for å bli radikaliserast av antidemokratiske miljø. For begge desse gruppene vil det bli sett i gang kompetansehevingstiltak for å styrke arbeidet med læringsmiljøet.

#### **Kontinuerleg haldningsskapande arbeid**

Hordaland fylkeskommune har gjennom planen *Likeverd i Hordaland fylkeskommune* (juni 2017) gitt retning til arbeidet med mangfald og likeverd, likestilling og inkludering. I innleiinga og oppsummeringa av temaplanen blir det langsiktige arbeidet med haldningar understreka: arbeidet handlar om meir enn det som kan nedfellast i planar og lovverk. Eit kontinuerleg haldningsskapande arbeid både internt og i møte med elevar, foreldre og andre innbyggjarar er ein føresetnad for å lukkast med å skape stadig betre læringsmiljø for barn og unge i skulen.

Læringsmiljø og skulemiljø er tema på ein todagars samling i september kvart år. Her er rektorar, elevinspektørar og elevrådsstyre målgrupper, slik at ein på skulane kan fortsette arbeidet med tema frå samlinga: deling av kunnskap og erfaringar på området. I tillegg har konferansen eit hovudtema som utfordrar arbeidet med haldningar:

- I september 2016 var hovudtema korleis skulen skal utfordre dagens individualiseringsideal: «Ungdom i selvreiserings tid»
- I september 2017 skifta konferansen namn frå skulestartkonferansen til skulemiljøkonferansen. Begge dagane var «haldningar, kunnskap og handlingar i arbeidet mot mobbing i skulen» hovudtema.

## Mobbeombodet i Hordaland

Mobbeombodet i Hordaland blei tilsett i ei toårig prosjektordning i august 2015. Juni 2017 blei stillinga gjort fast.

Mobbeombodet er først og fremst eit lågterskeltilbod for elevar og lærlingar, og skal rettleie i konkrete saker. Det er ein aukande pågang av saker. Sakene kjem hovudsakleg frå føresette, men i stadig fleire saker er det tilsette i skulane som ønsker rettleiing i konkrete saker.

	VGS	Lærlingar	Grunnskule	Andre	Totalt
2015 (fom 1.august)	6	1	6	1	14
2016	25	2	6	4	37
2017 (tom 31. juli)	25	2	5	1	33
Totalt	56	5	17	6	84

Tabell 24: Oversikt over kva grupper som tar kontakt med mobbeombodet. Opplæringsavdelinga

I 2016/17 har mobbeombodet prioritert skulebesøk saman med Elevorganisasjonen (Elevrådsturnéen). På skulane informerer ombodet om ombodsordninga, om mobbing og rettane til eit god skulemiljø. I tillegg jobbar mobbeombodet saman med elevråda om korleis dei som elevrådsrepresentantar kan vere gode og inkluderande leiarar i eigen klasse. Mobbeombodet kursar også tilsette i skulane i ulike tema, til dømes «kva er mobbing», «handtering av mobbesaker», «digital mobbing» eller andre tema som skulen ønsker opplæring eller oppfrisking i. Det er viktig å vere til stades på fleire arenaer, då ombodet ser ein auke i einskildsaker etter foredrag og samlingar.

Mobbeombodet sitt arbeid kan delast inn i:

- **Informasjonsarbeid** for elevar og elevråd, Ungdommens fylkesutval og fylkesting, samt interne og eksterne samarbeidsfora.
- **Kompetanseheving** for skular, skulehelseteneste, elevinspektørar, OT/PPT, opplæringskontor og lærebedrifter.
- **Systemarbeid** gjennom deltaking i ulike arbeidsgrupper, både interne og eksterne.
- **Nettverkssamarbeid og anna samarbeid** med mobbeombod i andre fylke, Læringsmiljøsentret i Stavanger og «Trygg i Fjell» (prosjekt i Fjell kommune), Elevorganisasjonen, med mange fleire.

Hovudområde for arbeidet til mobbeombodet er som i fjor: vaksne som krenker, elevar på yrkesfag, digitale krenkingar og identitetsbasert mobbing. Det digitale er så godt som alltid ein del av mobbesakene mobbeombodet får. Arbeidet med dette vil halde fram i skuleåret 2017/18.

## Elevundersøkinga og mobbing

Elevundersøkinga er ei av dei viktigaste kjeldene til kunnskap om elevane sitt syn på læringsmiljøet.

Dei aller fleste elevane i Hordaland trivst på skulen. Mange av elevane opplever at det er eit trygt miljø på skulen og at dei har nokon å snakke med om det er noko som plagar dei. Samtidig er det også ei gruppe elevar som ikkje opplever miljøet slik. Her vil relasjonell klasseleiing vere avgjerande for at elevane skal oppleve at det er greitt å gjere feil, at ein ikkje blir gjort narr av og at dei vaksne reagerer når nokon seier eller gjer noko ubehagelig eller ekkelt mot ein elev.

Hausten 2016 endra Utdanningsdirektoratet elevundersøkinga på bakgrunn av forskning frå NTNU Samfunnsforskning<sup>19</sup>. Dei såg på om nedgangen i mobbing skuldast metodiske effektar. Konklusjonen er ikkje tydeleg, men det ser ut som om nedgangen dei siste åra kan skuldast at spørsmål om krenkingar (nytt frå 2013) er plassert rett før spørsmålet om mobbing, samt at undersøkinga blei flytta frå våren til hausten.

Med andre ord er både definisjonen av mobbing og spørsmåla om mobbing endra sidan Elevundersøkinga 2015. Endringa har hovudsakleg vore for å gjere språket enklare, og meiningsinnhaldet er framleis det same.

<sup>19</sup> [NTNU Samfunnsforskning, analyse av Elevundersøkinga](#)

Spørsmåla om krenkingar er fjerna. Dette kan ha påverka prosentdel elevar som rapporterer om at dei er mobba, samanlikna med undersøkingar frå tidligare år.

Elevar som seier at dei er mobba får oppfølgingsspørsmål om på kva måtar dei er mobba, kven som mobba, kor mobbinga skjedde og om skulen gjorde noko for å hjelpe. I motsetnad til tidlegare år, er det i 2016 spesifisert om ein er blitt mobba av andre elevar.

I Elevundersøkinga 2016 er det lagt til spørsmål 1) om ein sjølv har vore med å mobbe andre, 2) om ein har blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC), 3) om dei sjølve har vore med på å mobbe digitalt og 4) om dei er blitt mobba av vaksne på skulen.

Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene?	Ikkje i det heile tatt	Ein sjeldan gong	2 eller 3 gonger i månaden	Om lag 1 gong i veka	Fleire gonger i veka
2016	89,00 %	8,20 %	1,20 %	0,60 %	1,00 %

Tabell 25: Mobbing. Elevundersøkinga 2016.

Prosentdel elevar i dei vidaregåande skulane som fortel at dei blir utsette for mobbing (2-3 gonger i månaden eller oftare) har som venta gått noko opp frå 2015 til 2016. Frå 2,08 % hausten 2015 (226 elevar) til 2,8 % (350 elevar) hausten 2016.

Måten elevane blir mobba på varierer, men det er mest utbredt å bli kalla stygge ting eller erta på ein sårande måte (45,8 %). Deretter rapporterer elevane om baksnakking og utestenging (37,6 %). Fysisk mobbing er noko mindre vanleg (16,6 %). Elevar som blir utsett for fysiske handlingar rapporterer å vere mobba oftare enn elevar som opplever andre negative handlingar (Wendelborg 2016<sup>20</sup>).

Som tidlegare år er elevar på yrkesfag særleg utsett for mobbing. Hausten 2016 seier 4 % av elevane på yrkesfag at dei blir mobba (243 elevar) og 1,7 % av elevane på studieførebuande (107 elevar).

Har du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadene?	Ikkje i det heile tatt	Ein sjeldan gong	2 eller 3 gonger i månaden	Om lag 1 gong i veka	Fleire gonger i veka
2016	93 %	5,5 %	0,6 %	0,3 %	0,5 %

Tabell 26: Digital mobbing. Elevundersøkinga 2016.

For første gong har elevane blir spurt om dei blir mobba digitalt, som inngår som eit eige spørsmål. 1,5 % (184 elevar) opplyser om at dei blir mobba digitalt.

Negative digitale opplevingar handlar om negative kommentarar, spreiding av ting som såra, og utestenging og baksnakking. Sjølv om talet på dei som seier at dei blir mobba digitalt prosentvis er lågt, er det urovekkjande at 5,5 % (685 elevar) fortel at dei blir mobba ein sjeldan gong. Ein veit at eit bilete eller ein film kan få store konsekvensar for dei involverte.


Har du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadene?	Ikkje i det heile tatt	Ein sjeldan gong	2 eller 3 gonger i månaden	Om lag 1 gong i veka	Fleire gonger i veka
2016	90,20 %	7,30 %	1,20 %	0,50 %	0,80 %

Tabell 27: Mobba av vaksne. Elevundersøkinga 2016.

2,5 % eller 306 elevar opplyser at dei blir mobba av vaksne på skulen. Det er nesten like mange elevar som fortell at dei blir mobba av andre elevar på skulen.

<sup>20</sup> [Wendelborg 2016](#)

## Mobbing i læretida



Figur 21: Mobbing på arbeidsplassen. Lærlingundersøkinga. 2016.

Lærlingane i Hordaland rapporterer i Lærlingundersøkinga at 3,5 % av dei opplever mobbing to-tre gonger i månaden eller oftare i lærebedrifta. Talet har gått ned 0,2 % frå hausten 2015. Samtidig er det betydeleg færre lærlingar som svarar på lærlingundersøkinga enn elevar som svarar på Elevundersøkinga, og det kan gi utslag i høgare prosent for lærlingane.

Lærlingane rapporterer gjennom undersøkinga at dei stort sett trivst med kollegaene og arbeidsoppgåvene, dei blir godt behandla og får hjelp og støtte i arbeidet. Våren 2017 har fagopplæringskontoret jobba med ein handlingsplan mot mobbing, kor det kjem tydeleg fram kva den einskilde tilsette skal gjere i mobbesaker. Mobbing og trakassering vil vere tema når seksjonsleiar fagopplæring har sine årlege dialogmøte med opplæringskontor og lærebedrifter.

### Elev- og lærlingombodet

Elev- og lærlingombodet starta i stillinga i januar 2017. Ansvarsområdet omfattar alle elevar, lærlingar, lære kandidat og opplæringsinstitusjonar innanfor det fylkeskommunale opplæringstilbodet. Elev- og lærlingombodet skal på eit uavhengig grunnlag bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får tatt i vare rettane sine.

Prioriterte arbeidsområde så langt har vore:

- Informasjonsarbeid mot elevar, lærlingar og lærebedrifter
- Gjere seg kjent i organisasjonen og legge til rette for eit godt samarbeid med dei ulike partane i vidaregåande opplæring.
- Skuleturné/elevrådsturné saman med mobbeombodet og Elevorganisasjonen. Haust 2017 og vår 2018 er det planlagt og gjennomført ei rekke skulebesøk, der målgruppa er elevråda. Ved enkelte skular er det også rom for innlegg og samtale med tilsette og leiinga.

Elev- og lærlingombodet har sidan oppstart samarbeidd tett med mobbeombodet, mellom anna i arbeidet med skuleturné/elevrådsturné. Andre viktige samarbeidspartar har vore fagopplæringskontoret, elevinspektørane, Elevorganisasjonen og dei andre elev- og lærlingomboda i Noreg.

Sidan oppstart har det kome inn jamt med spørsmål og saker frå både elevar og lærlingar. Sakene viser at det er flest spørsmål som gjeld lærlingar og læretid. Spørsmåla er varierte og relatert både til opplæringslova, arbeidsmiljølova og korleis nå fram i systemet. Enkelte av sakene går over lang tid med fleire samtalar og møter, medan andre saker kan løysast med enkle svar og kort informasjon. Sakene som omhandlar opplæring i bedrift er mest tidkrevjande.

Grupper	Tal saker/spørsmål
Lærlingar	56
Lærekandidatar	2
Elevar	19
Andre (skular, opplæringskontor)	1
Sum	78

Tabell 28: Sakar til elev- og lærlingombod. Opplæringsavdelinga.



Regional plan for folkehelse - «Fleire gode leveår for alle» - skal bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som skal gi fleire gode leveår, og utjamne sosiale helseforskjellar. I handlingsprogrammet 2014-2017 er mellom anna prosjekta Helsefremjande skular og skulefrukost forankra.

### **Helsefremjande skular**

Prosjektet starta på fire av dei vidaregåande skulane hausten 2015, og blei avslutta i juni 2017. Gjennom fleire fagdagar har prosjektskulane fått påfyll frå ulike fagmiljø og delt erfaringar med andre fylkeskommunar, for å kunne sette i gang kunnskapsbaserte tiltak i prosjektet.

Erfaringar frå prosjektskulane blei presenterte på ein rektorsamling våren 2017. Prosjektskulane leverte sluttrapport i juli. Det har vore ulikt korleis skulane har jobba gjennom prosjektet, men erfaringane tilseier at det har skjedd endringar på dei tre fokusområda fysisk aktivitet, ernæring og psykisk helse.

I overordna trekk rapporterer skulane følgjande erfaringar frå prosjektet:

- Prosjektet har sett fokus på viktigheita av ei heilskapleg tilnærming for å skape og vedlikehalde eit godt læringsmiljø
- Fysisk og psykisk helse er ein føresetnad for god læring
- Bevisstgjerjing på at alle i organisasjonen er ansvarlege for å skape ein helsefremjande skule, der overordna del av læreplan og § 9a i opplæringslova ligg som bakgrunn
- Prosjektet har bidrege til ny kunnskap og idear som blir vidareført, også for å bygge og utvikle kultur på skulen

### **Skulefrukost**

Fylkestinget vedtok 13. desember 2016 å utvide prøveordninga med gratis skulefrukost ved å øyremerke 3 000 000 kr. for 2017. Etter søknad skulle tilskotet primært gå til skular med låge inntakspoeng og låg gjennomføring. Ved tildeling er også skular med mange hybelbuarar prioriterte. Inneverande skuleår er det 21 skular som har fått midlar til gratis skulefrukost.

Skulane må rapportere på tilbod og omfang ved utgangen av juni 2018.

Tiltaket med gratis skulefrukost er også forankra i Helsedirektoratet sine nasjonale faglege retningslinjer for mat og måltider i skulen.



### «Innenfor skolen»

Formålet med prosjektet, som starta i 2015/16, var å vidareutvikle eit samarbeid mellom nokre av dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune og skulehelsetenesta i Bergen kommune. Tidleg innsats for elevar med fråvær, spesielt i kroppsøvningsfaget, var innleiande mål. «Innenfor skolen» er finansiert av Helsedirektoratet og Bergen kommune, fram til desember 2017.

I perioden har hovudmålet vore:

- *Skolehelsetjenesten og vidaregåande skoler skal samarbeide systematisk for å forbedre det psykososiale miljøet på skolene og redusere mobbing og krenkelser.*

Delmål for 2016/17:

1. Prosjektet skal utarbeide konkrete rutinar for samhandling mellom skulehelsetenesta og skulen i oppfølging av mobbing/krenking, samt digital krenking/mobbing.
2. Samarbeidet og rutinane som er utarbeidd og utprøvd med omsyn til fråvær og fråfall skal oppretthaldast og vidareutviklast, og settast i samheng med arbeidet for å leggje til rette for eit godt psykososialt skulemiljø
3. Styrke kompetansen til helsesøstrer for oppfølging av elevar med samansette behov.

I den utvida perioden av prosjektet har mobbeombodet i Hordaland fylkeskommune også vore delaktig i prosjektgruppa.

I oppsummeringsmøter og svar frå skulane som har deltatt i prosjektet, ser ein at det tverrfaglege samarbeidet har auka. Endra rutinar, skjema og forpliktande samarbeid har gjort det lettare å følgje opp fråvær på eit tidleg tidspunkt. Kroppsøvningslærarane har vore ein viktig aktør i prosjektet, og har kunne melde elevar direkte til helsesøster ved fråvær. I rapportering frå skulane blir det konkludert med at elevane har blitt tatt i vare på ein betre måte, og at dei melder at det er blitt generelt lettare å ta kontakt med skulehelsetenesta under prosjektet.

Skulane har gjennom prosjektet hausta erfaringar, der nokre av desse alt er etablerte og implementerte endringar. Generelt blir det meldt om ei meir heilskapleg forståing for helseaspektet i eit læringsmiljø og elevane sine læringsprosessar.

### Ungdata

Ungdata-undersøkinga er ei nasjonal ungdomsundersøking, der KoRus Vest gjennomfører undersøkinga, vidareformidlar og analyserer resultatane i Hordaland. Dette skjer i samarbeid med representantar for regional- og opplæringsavdelinga. Resultat frå Ungdata-undersøkinga inngår som ein del av grunnlaget for utforming av handlingsprogram til folkehelseplanen i Hordaland fylkeskommune.

Ungdata gir eit breitt bilete på korleis ungdom har det på skulen, fritida og heime, og utgjer derfor eit viktig kunnskapsgrunnlag. I 2017 deltok meir enn 7000 elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland, fordelt på 25 av dei fylkeskommunale skulane, og to private. På landsbasis var talet 240 700. Resultatane kan brukast både av kommunar, fylkeskommunar og den enkelte skule for å analysere status for det aktuelle ungdomskullet eller over tid dersom det er deltaking med jamne mellomrom.

Ungdomar i Hordaland meiner at det viktigaste for å få status i vennemiljøet er å vere ein dei kan stole på, noko 90 prosent er einige i. 92 % av ungdomane er litt eller heilt einig i at gode karakterar er viktig, og presset for å gjere det godt på skulen merkast.

- 25 % av Vg1-elevane svarer *At noen via nettet eller mobil har skrevet sårende ting til deg eller om deg* det siste året.
- 17 % svarer at *At noen spredte negative seksuelle rykter om deg* i løpet av det siste året. Det er høg grad av bekymring, som aukar gjennom vidaregåande skule. 26 % av elevar på Vg3 er kategorisert under *Høy grad av depressivt stemmeleie*. Det er eit resultat som ligg 7 % over landssnittet.

Oppsummering av nøkkeltal for Hordaland viser at ungdomane er over landsgjennomsnittet fornøgd med foreldra sine og under snittet fornøgd med skulen sin. Ungdomane er vidare over snittet plaga av einsemd, depressive symptom og fysiske plagar, skulkar under snittet, er mindre utsett for vald, og blir under snittet mobba.

For å hjelpe kommunane i Hordaland i arbeidet med å få oversikt over ressursar og utfordringar lokalt, skal det utarbeidast meir detaljerte rapportar for kommunane basert på data frå Ungdata-undersøkinga. Dette er i samband med Helsedirektoratet sitt «Program for folkehelsearbeid», men vil også vere nyttig for kommunal planlegging og prioritering i arbeidet med ungdom. Rapportane skal etter planen vere ferdigstilte innan utgangen av november.

Opplæringsavdelinga, regionalavdelinga og KoRus Vest har invitert til regionvise fagdagar, der formålet er å diskutere og vurdere kommunane og dei vidaregåande skulane sine resultat frå undersøkinga. Målsettinga er å få dialog på tvers av avdelings- og forvaltningsnivå. Gjennom å samle kommunar regionvis, vil dette opne for å sjå på utfordringar og løysingar også på tvers av kommunegrensene.



## FYLKESKOMMUNEN SITT ANSVAR FOR UNGDOM UTANFOR VIDAREGÅANDE OPPLÆRING


Oppfølgingstenesta (OT) er ei fylkeskommunal teneste for ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje er i opplæring eller arbeid. Tenesta gjeld for ungdom mellom 16 og 21 år. OT skal ha oversikt over alle ungdomane i målgruppa, tilby dei rettleiing og syte for at dei får tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande aktivitetar. Å få ungdomane i aktivitet er med andre ord eit viktig mål for OT. Skuleåret 2016/17 blei det gjennomført avklaringsamtaler for 500 elevar som slutta.

OT deltar fast i ressursteam på 24 vidaregåande skular og bruker meir tid enn tidlegare for å arbeide fråfallsførebyggjande saman med den enkelte skule og PPT. OT gir også tilbod om å vere heile dagar på skulen i forbindelse med ressursteam møta. På fleire skular har OT kontorlokale saman med elevtenesta. I 2017 har OT hatt 189 elevar registrert under fråfallsførebyggjande arbeid i skulane.


### Ungdomar tilmeldt til OT

OT har hatt stort fokus på å kome i kontakt med dei ukjende og har innført fleire aktivitetar som skal sikre kontinuitet og oversikt i arbeidet. Figuren under viser at talet på ukjende er redusert, og at talet på ungdom som er under oppfølging, i aktivitet eller er avklart har auka.

Ungdomar som er avklart er ei samansett gruppe. Det kan til dømes vere ungdomar som er i militæret, på folkehøgskule eller har omsorg for små barn og for ein avgrensa periode er i ein situasjon der opplæring eller jobb ikkje er aktuelt. Ei stor gruppe ungdomar er også sjuke eller i institusjon. For denne gruppa er det høve som hindrar dei i å vere i eit opplærings- eller jobbtillbod. Det kan t.d. vere fysisk eller psykisk sjukdom eller rus.



Figur 22: Status for dei fire hovudgruppene i OT, nasjonalt og Hordaland, per juni 2017. Udir.



Figur 23: Tal ungdomar i hovudgruppene, Hordaland, per juni 2016 og 2017. Udir.

### Fleire ungdomar i aktivitet

Å bruke ulike tiltak er viktig for å få flest mogeleg ungdomar ut i aktivitet. OT har eit strukturert samarbeid med NAV for å få ungdom ut i arbeidstrening/arbeidspraksis. Det er ei styrke at fylkeskommunen også har eigne tiltak å tilby ungdom. Det har vore ein auke i tal ungdomar som kjem i aktivitet gjennom fylkeskommunale tiltak, som Hyssingen produksjonsskule, Gameplan, jobbspesialist, studiesenter og korte kompetansegivande kurs. I juni 2017 var 70 ungdomar i HFK-tiltak, 407 ungdomar i NAV-tiltak og 39 ungdomar i kombinasjonstiltak. Ikkje alle passer inn i tiltaka OT kan tilby, og i nokre tilfelle vil ulike kortare kompetansegivande kurs vere det ungdomane treng for å kome ut i arbeid eller tilbake til opplæring.

For å forhindre at ungdom gjer feilval har OT stort fokus på karriererettleiing. Det er viktig at ungdom får hjelp til å ta riktige val basert på kunnskap om kva ein sjølv kan og vil.

## NAV i skule

Hordaland fylkeskommune deltar frå 2015 i eit nasjonalt forsøk med NAV-rettleiingar i vidaregåande skule. På Årstad vgs er det to NAV-rettleiingar på skulen fire dagar i veka. Her arbeider dei som ein del av elevtenesta. Målet med forsøket er å utvikle tilrettelagte og integrerte tenester og tiltak frå NAV for elevar med sosiale behov. Dette er ofte behov som heng saman med problem utover skuletida, som til dømes busituasjon og økonomi. NAV-rettleiingarane sine tenester i skulen er heimla i lov om sosiale tenester og følgjande paragrafar, jf. §§ 17 til 19.


## PPT sitt arbeid på system- og individnivå

PP-tenesta er ein sentral aktør for betre gjennomføring av vidaregåande opplæring. Oppdraget inneber arbeid med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for betre tilrettelegging av opplæring for elevar og lærlingar. I tillegg er PPT sakkunnig instans der lova krev det. Fylkeskommunen har også ansvar for opplæring til barn i sosiale og medisinske institusjonar. For desse barna er OT/PPT sakkunnig instans.

Skuleåret 2016/17 hadde tenesta ei rekke prosjekt og utviklingsarbeid i samarbeid med skulane. Eit av prosjekta var også i samarbeid med Statped. Det blei utarbeidd ein kurspakke for tilsette i vidaregåande opplæring, der målet var å auke kompetansen om tilrettelegging for elevar med asperger og autismespekterforstyringar. Kurspakken var toårig og bestod av fire samlingar i året.

OT/PPT deltar på ressursteam på alle dei vidaregåande skulane i fylket. Hyppigheita på møta er regulert etter skulane sine behov, alt frå ein gong i veka til ein gong i månaden. Tenesta har også halde IOP-kurs på ein skule. Mange skular deltar også i VIP-prosjektet, der OT/PPT har hatt ei sentral rolle i gjennomføringa. Dette skuleåret har vi også hatt ein auka pågang frå lærebedriftene på både system- og individnivå.

Størstedelen av OT/PPT sitt arbeid er individretta. PPT fekk i skuleåret 2016/17 totalt tilvist 1168 saker. Tabellen under viser tala for dei vanlegaste sakene.



Figur 24: Saker til PPT skuleåret 2016/17. Opplæringsavdelinga.

I fylkestinget 8. mars 2016 blei det vedtatt å opprette eit psykologteam på seks psykologar. Teamet er eit lågterskeltilbod for elevane og skal hjelpe skulane i enkeltsaker og med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø. Teamet blir administrert under OT/PPT. Psykologane har kontor ute på skulane. Alle psykologane har tre skular kvar som dei er fast på kvar veka, samt at alle skulane har ein kontaktperson i teamet som hjelper med systemretta arbeid. Teamet er også med i tverretatleg samarbeid rundt elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø, og har etablert kontakt med kommunehelsetenesta lokalt.

Teamet har hatt systemsaker på totalt 15 skular, samt at dei også har halde foredrag og kursverksemd i samarbeid med andre, som t.d. UiB. Døme på systemsaker er stressmestringskurs, kurs om psykiske lidningar og «ta-ordet-gruppe».

Teamet har også gitt lågterskeltilbod til elevar som har hatt behov for dette. For elevar som har hatt meir omfattande behov for hjelp, har psykologar i teamet tilvist vidare til andre instansar.

Registrerte saker for psykologane fordeler seg på:

Sakstype	Tal	Fordelt på tal skular
Individsaker	114	12
Systemsaker	172	15

Tabell 29: Registrerte saker for psykologane. Tal frå sakshandsamingssystemet PPI. 2017.



# Spesialpedagogisk arbeid

Prinsippet om tilpassa opplæring famnar både ordinær opplæring og spesialundervisning. Elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av tilpassa opplæring har individuell rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1.

Skuleår	Tal	Prosent av totalt elevtal
2016/17	681	4,1 %
2015/16	830	5 %
2014/15	841	5 %

Tabell 30: Omfang elevar med vedtak om spesialundervisning. Opplæringsavdelinga.

Skuleåret 2016/17 fekk 4,1 % av elevane i dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Hordaland spesialundervisning. Elevar som får undervisning i tilrettelagte grupper (arbeidslivstrening HTA, kvardagslivstrening HTH og eigne grupper HT) utgjer 90,8 % av elevar med vedtak om spesialundervisning.

Dei resterande 9,2 % av vedtak om spesialundervisning gjeld for elevar i ordinære klassar. Tal for skuleåret 2016/17 er henta frå rapportering direkte frå rektorane etter at det haust 2016 blei innført nye rutinar om intern oppfølging. Fram til året 2016/17 er tala henta frå det elektroniske sakshandsamingsverktøyet NSSU. Det er derfor brukt to ulike kjelder, som kan forklare endringa i talet på vedtak om spesialundervisning. Vi reknar rapporteringa frå rektorane som ei meir sikker og påliteleg kjelde.

Elevar som har vedtak om spesialundervisning kan søkje om utvida opplæringsrett med inntil to år ekstra for å nå opplæringsmåla. I 2016/17 var det 89 elevar ved fylkeskommunale skular som søkte om utvida opplæringsrett, der 74 fekk innvilga retten og 15 fekk avslag.

## Rapportering på skuleåret 2016/17 om opplæring for barn og unge i barnevernsinstitusjon

I skuleåret 2016/17 var det totalt 150 barn og unge som budde i barnevernsinstitusjon i Hordaland. 88 barn var i grunnskulealder og dei fleste kom frå Bergen og Voss kommune. 51 ungdommar var i vidaregåande opplæring og 11 under oppfølging av oppfølgingstenesta (OT). 19 av dei 150 kom frå andre fylke.

### Opplæringsiltak og læringsutbytte

65 av dei 88 grunnskuleelevane fekk vedtak om spesialundervisning, med avvik både frå læreplanane og organisering. Sju elevar hadde fritak frå delar av grunnskuleopplæringa.

### Gjennomføring og fråvær

73 av dei 88 grunnskuleelevane HFK hadde opplæringsansvar for fullførte skuleåret. 15 flytta til eit anna fylke eller anna tiltak (t.d. fosterheim). Sju av dei 88 elevane hadde stor fråværsproblematikk, og dei fleste gjekk på skular i Bergen kommune. Heimeundervisning på institusjon, undervisning i alternativ opplæringsarena og eigen lærar eller assistent er døme på særlege tiltak som blei sett i gang.

### Elevar i vidaregåande opplæring og ungdom i oppfølgingstenesta

Totalt 62 ungdommar i barnevernsinstitusjon var i vidaregåande opplæring (51) eller i oppfølgingstenesta (11). Av elevane i vidaregåande opplæring (51), fullførte 38 elevar skuleåret. Undervegs slutte 13, og to av dei 13 elevane starta i OT-tiltak etter avbrot. Ein av dei 13 elevane flytta til eit anna fylke.

Våren 2017 blei det organisert ei fagsamling for institusjonar, barnevernstenester, BUP og skular i tråd med samarbeidsavtalen mellom HFK og BUF-etat region vest. Tema for samlinga var skulevegving.

# Vidaregåande opplæring for vaksne

Ved inngangen til 2016 var det i underkant av 40.000 hordalendingar mellom 20 og 49 år utan fullført vidaregåande opplæring, fagbrev, annan yrkeskompetanse eller studiekompetanse (SSB). Hordaland fylkeskommune har som mål at fleire vaksne i fylket skal få tilbod om å fullføre vidaregåande opplæring.

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å legge til rette for at vaksne, som tidlegare ikkje har fullført vidaregåande opplæring, får opplæring til å oppnå studiekompetanse eller fagbrev. Hordaland hadde ved inngangen til skuleåret 2016/17 fem ulike sentre fordelt i heile fylket som driv med opplæring og rettleiing.

Den nye senterstrukturen for vaksenopplæringa var på plass i august 2017 og består no av fem vaksenopplæringsentre: Bergen Katedralskole, Åsane vgs, Sotra vgs, Stord vgs, samt Voss vgs.

Skuleåret 2016/17 var det 1451 nye kursplassar i vaksenopplæringa, fordelt på 14 undervisningsstader. Det blei undervist i 26 ulike yrkesfag, samt studiespesialiserande og fellesfag. Sidan det er flest innan helsefaga, skil vi desse ut frå dei andre yrkesfaga.

	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17
Studiespesialiserande	566	661	682	558
Helsefag	439	470	526	448
Yrkesfag	350	390	445	445
<b>Totalt vaksne</b>	<b>1355</b>	<b>1521</b>	<b>1686</b>	<b>1451</b>
<b>Sluttarar</b>	<b>337</b>	<b>344</b>	<b>340</b>	<b>389</b>

Tabell 31: Tal på nye kursplassar. Kjelde: Extens

## Læringsresultat

I lærefaga tar dei vaksne som går på praksiskandidatordninga ein sentralt gitt eksamen for lærlingar og praksiskandidatar i privatistsystemet. Dei som tar yrkesfag, fellesfag og studiekompetanse gjennom skuleløpet får både standpunkt karakter og karakterar frå lokalt gitt eksamen. Tabellane under viser gjennomsnittskarakter for høvesvis yrkesfag og studiespesialiserande fag og fellesfaga i skuleåret 2016/17. Ulike fag tiltrekk seg ulike vaksne med ulik bakgrunn. Vaksenopplæringa består såleis av ei variert gruppe vaksne med ulik bakgrunn, motiv og erfaringsgrunnlag. Nokre grupper har til dels låge eksamensresultat og høg strykprosent.

Utdanningsprogram	Snitt 1-6
NA	5,0
TIP	2,9
HO	3,0
SS	3,0
BA	2,6
RM	1,3
Alle	3,0

Tabell 32: Karakterresultat. Extens.

Studiespesialiserande	Snitt 1-6
Standpunkt, alle fag	3,9
Eksamen, alle fag	3,7

Tabell 33: Karakterresultat. Extens.



## Framover

Etter ei lovendring hausten 2017 har fleire grupper fått rett til gratis vidaregåande opplæring. Minoritetsspråklege vaksne som ikkje får godkjent utdanninga frå heimlandet i Noreg har no rett til å få ny opplæring. Dei som har fullført vidaregåande opplæring i utlandet, men som ikkje får denne opplæringa godkjent i Noreg, står i praksis utan formell yrkes- eller studiekompetanse. Departementet viser til at manglande vidaregåande opplæring gir reduserte sjansar for å lukkast i arbeidsmarknaden og for å integrerast godt i det norske samfunnet. Lovendringa gjorde såleis at vaksne som ikkje får godkjent si vidaregåande opplæring som studie- eller yrkeskompetanse i Noreg, får ny rett til vidaregåande opplæring.

I tillegg er ungdomsretten bli utvida til å gjelde alle ungdomar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring fram til året dei fyller 24, og det er grunn til å tru at fleire minoritetsspråklege som no får ungdomsrett, vil velje å gjere den om til vaksenrett. Ein ventar at mange unge vaksne, som har hatt eit opphald i utdanninga, vil søke seg over i vaksenopplæringa for å få del i eit læringsmiljø og ei gjennomføring tilpassa vaksne. Vaksenopplæringa vil i så tilfelle få ei ny «yngre» målgruppe.

Vaksenopplæring er ikkje eit eintydig omgrep, og blir brukt i ulike samanhengar som til dømes om opplæring i utdanningssystemet, i arbeidslivet, i studieforbund og i det sivile samfunnet sine mange ulike typar lag og organisasjonar. I tillegg blir omgrepet brukt om opplæring i både grunn- og vidaregåande skule. I denne samanhengen betyr vaksenopplæring vidaregåande opplæring for vaksne som fører til fagbrev, yrkes- eller studiekompetanse og er regulert av opplæringslova kapittel 4-A.

Rett til vidaregåande opplæring for vaksne blei innført i 2000 og er ein individuell rett som er heimla i opplæringslova § 4A-3. Vaksenretten gjeld for dei som har fullført grunnskulen (eller tilsvarande), ikkje har fullført vidaregåande skule tidlegare eller ikkje får godkjent vidaregåande opplæring frå utlandet, samt er minst 25 år det året ein søker. I tillegg gjeld retten i det fylket ein er folkeregistrert, samt at ein må ha opphaldsløyve i landet. Fylkeskommunen er også pliktig til å gje tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne utan rett, utan at lovverket spesifiserer størrelse på dette tilbodet.

# Vedlegg

Det er fire vedlegg til denne kvalitetsmeldinga.

- Fullført og bestått i Hordaland per skule
- Fråvær i Hordaland per skule
- Fråvær i Hordaland per utdanningsprogram
- Overgangar frå Vg2 for yrkesfagelevar

## **Merknader til vedlegg 1:**

Tabellen viser resultat for alle skulane i skuleåret 2016/17. Det er berre data for elevar med elevstatus *Elev*, *Slutta*, *Alternativ opplæringsplan*, elevtype *Normal*, *International baccalaureate* og *Yrkes- og studiekompetanse*.

Indikatoren viser til prosentdel elevar som fullfører og består eit skuleår, av alle elevar som er registrerte i vidaregåande opplæring per 1. oktober. Elevar som slutta før 1. oktober kvart skuleår er tatt bort. For elevar som har bytt skule, utdanningsprogram eller klasse internt i fylket gjeld siste registrering. Data blir importert frå VIGO.

Sluttarar: Alle sluttårsakene er tatt med, også dei som ikkje er rekna som kritiske, t.d. elevar som har permisjon eit år.

Elevar som får undervisning medan dei går ordninga «Full opplæring i bedrift», får fullføringskoden «Held på» fram til dei får fagbrev, sjølv om dei har fullført og bestått alle fag. I Hordaland har Laksevåg vgs, Årstad vgs og Åsane vgs mange elevar i denne ordninga.

Skular som har fleire einingar er slege saman. Til dømes inngår avdeling Kyrre i Bergen Katedralskole sine resultat.

## Vedlegg 1 Fullført og bestått i Hordaland per skule

(Vedlegget inneheld oppdaterte tal)

	Fullført og bestått	Fullført men ikkje bestått	Manglar grunnlag	Alternativ opplæringsplan	Held på med utdanninga	Slutta
Amalie Skram vidaregåande skule	92.3%	0.9%	3.0%	0.0%	1.2%	2.5%
Arna vidaregåande skule	83.0%	3.6%	6.5%	0.0%	0.7%	6.2%
Askøy vidaregåande skule	80.1%	7.9%	7.1%	0.0%	0.8%	4.1%
Austevoll vidaregåande skule	89.4%	3.5%	0.0%	0.0%	0.7%	6.3%
Austrheim vidaregåande skule	71.8%	7.5%	6.7%	1.6%	7.1%	5.5%
Bergen Maritime vidaregåande skule	88.4%	3.7%	2.2%	0.0%	0.4%	5.2%
Bergen katedralskule	76,5%	1,8%	3,3%	0,0%	10,6%	7,8%
Bømlo vidaregåande skule	86.3%	6.8%	2.1%	0.0%	1.7%	3.1%
Etne vidaregåande skule	88.6%	4.5%	0.0%	0.0%	2.3%	4.5%
Fitjar vidaregåande skule	78.0%	6.9%	3.7%	0.8%	2.0%	8.5%
Fusa vidaregåande skule	75.3%	11.0%	2.7%	0.0%	7.6%	3.4%
Fvllinsdalen vidaregåande skule	72.5%	7.6%	10.4%	0.0%	2.4%	7.1%
Hjeltnes vidaregåande skule	83,3%	8,3%	0,0%	0,0%	0,0%	8,3%
Knarvik vidaregåande skule	89.3%	3.7%	2.3%	0.2%	1.7%	2.8%
Kvinnherad vidaregåande skule	84,4%	7,3%	4,3%	0,0%	0,3%	3,8%
Laksevåg vidaregåande skule	73.3%	9.0%	8.3%	0.0%	1.7%	7.7%
Lanahaugen vidaregåande skule	93.2%	1.1%	3.5%	0.0%	0.0%	2.1%
Nordahl Grieg vidaregåande skule	84.6%	5.4%	5.6%	0.4%	1.8%	2.2%
Norheimsund vidaregåande skule	80.7%	12.5%	1.1%	0.0%	0.0%	5.7%
Odda vidaregåande skule	84.7%	6.4%	3.4%	0.0%	1.7%	3.7%
Olsvikåsen vidaregåande skule	84.3%	4.7%	2.1%	0.0%	3.9%	5.0%
Os gymnas	86.9%	5.2%	4.4%	0.0%	0.0%	3.6%
Os vidaregåande skule	84.5%	6.7%	2.3%	0.2%	2.1%	4.2%
Osterøy vidaregåande skule	84,8%	2,3%	2,3%	1,2%	4,1%	5,3%
Roqne vidaregåande skule	95.2%	1.6%	1.6%	1.6%	0.0%	0.0%
Rubbestadnes vidaregåande skule	91.6%	4.9%	1.4%	0.0%	0.0%	2.1%
Sandsli vidaregåande skule	84.9%	5.4%	5.4%	0.0%	0.7%	3.6%
Slåtthaug vidaregåande skule	81.1%	5.7%	4.5%	0.2%	2.0%	6.5%
Sotra vidaregåande skule	78.5%	9.5%	4.7%	0.0%	1.3%	6.0%
Stend vidaregåande skule	84.2%	2.7%	7.1%	0.0%	1.8%	4.1%
Stord vidaregåande skule	85.7%	4.9%	5.4%	0.0%	1.0%	2.9%
Tertnes vidaregåande skule	80,4%	6,9%	5,5%	0,0%	2,4%	4,8%
U. Pihl vidaregåande skule	75.7%	12.3%	7.3%	0.0%	2.0%	2.7%
Voss Husflidskule	81.1%	0.0%	5.4%	0.0%	2.7%	10.8%
Voss gymnas	88.1%	3.9%	1.8%	0.0%	3.3%	3.0%
Voss vidaregåande skule	76.8%	5.1%	5.3%	0.0%	5.3%	7.4%
Årstad vidaregåande skule	58.8%	6.6%	18.5%	0.0%	4.9%	11.1%
Åsane vidaregåande skule	64.4%	10.9%	9.8%	0.3%	2.8%	11.9%
Øystese gymnas	92.9%	5.3%	0.6%	0.0%	0.0%	1.2%
Total, 2016-17	81,8%	5,6%	5,2%	0,1%	2,3%	4,9%

Tabell 34: Prosentdel fullført og bestått alle fag, per skule. Hjernene og Hjertet.

## Vedlegg 2 Fråvær i Hordaland per skule

	2014/15			2015/16			2016/17		
	Median dagar	Median timar	Tal elevar	Median dagar	Median timar	Tal elevar	Median dagar	Median timar	Tal elevar
Heile landet	3	8	152 577	5	12	153 065	6	13	152 924
Hordaland	3	8	13 629	5	11	13 737	6	11	14 242
Amalie Skram videregående skole	2	5	894	2	3	928	4	6	950
Arna vidaregåande skule	5	8	248	7	14	93	6	11	96
Askøy videregående skole	4	10	455	6	17	446	6	16	450
Austevoll vidaregåande skule	2	6	113	4	6	128	3	5	104
Austrheim vidaregåande skule	4	6	215	7	7	229	8	9	233
Bergen katedralskole	2	10	408	4	8	392	3	6	343
Bergen Maritime vidaregåande skole	2	4	247	2	3	261	2	3	267
Bømlo vidaregåande skule	3	6	257	5	10	232	5	10	250
Etne vidaregåande skule	2	4	81	5,5	8	74	9,5	8	76
Fitjar vidaregåande skule	4	5	192	5	6	207	7	8	183
Fusa vidaregåande skule	2	5	212	4	5	175	4	4	190
Fyllingsdalen vidaregåande skole	5	14	433	7	14	406	8	15	437
Knarvik vidaregåande skule	3	6	771	5	9	778	4	8	826
Kvinnherad vidaregåande skule	3	8	337	6	12	356	6	11	370
Laksevåg videregående skole	4	13	560	7	16,5	572	7	18	569
Langhaugen vidaregåande skule	4	9	587	7	11	586	7	11	582
Nordahl Grieg vidaregåande skole	4	13	841	7	14	773	7	16	766
Norheimsund vidaregåande skule	2	3	91	5	4	101	4	10	115
Nye Voss vidaregåande skule	-	-	-	-	-	-	2	4	310
Odda vidaregåande skule	3	5	259	5	8	293	6	9	275
Olsvikåsen vidaregåande skole	4	9	429	7	10	387	8	15	394
Os gymnas	3	7,5	234	5	10	227	8	14	255
Os vidaregåande skule	3	5	354	5	11	361	5	13	395
Osterøy vidaregåande skule	2	3	121	4	5	137	4	7	169
Rogne vidaregåande skule	4	2	60	6	8	73	*	*	*
Rubbestadnes vidaregåande skule	1	3	134	3	5	143	4	5	158
Sandsli vidaregåande skole	4	9	483	7	12	471	7	12	495
Slåtthaug vidaregåande skole	4	7	412	6	12	367	8	14	374
Sotra vidaregåande skule	5	8	693	7	13	692	8	12	726
Stend vidaregåande skule	5	9	390	6	11,5	320	8	10	313
Stord vidaregåande skule	2	9	702	3	11	676	4	13	726
Tertnes vidaregåande skole	3	8	367	8	14	383	8	16	417
U. Pihl vidaregåande skole	5	9	285	6	10	284	6	9,5	268
Voss gymnas	2	5	270	4	5	306	5	7	311
Voss vidaregåande skule	5	7	78	5	8	214	5	11	200
Øystese gymnas	2	3	157	5	5	124	6	5	122
Årstad vidaregåande skole	6	15	553	9	19	571	12	26	592
Åsane vidaregåande skule	4	10	358	7	21	258	9	26	285

Tabell 34: Utvikling i fråværet per skule for skuleåra 2014/15, 2015/16 og 2016/17. Udir.

### Vedlegg 3 Fråvær i Hordaland per utdanningsprogram


	2014/15		2015/16		2016/17	
	Hordaland	Nasjonalt	Hordaland	Nasjonalt	Hordaland	Nasjonalt
Alle utdanningsprogram. dagar	6	6	5	5	3	3
Alle utdanningsprogram. timar	11	13	11	12	8	8
Idrettsfag. dagar	6	6	5	6	3	4
Idrettsfag. timar	11	15	9	14	8	10
Kunst, design og arkitektur. dagar	-	-	-	-	2	3
Kunst, design og arkitektur. timar	-	-	-	-	8	9
Musikk, dans og drama. dagar	8	6	7	6	5	3
Musikk, dans og drama. timar	15	15	12	14	11	10
Påbygging til generell studiekompetanse. dagar	10	9	9	8	5	5
Påbygging til generell studiekompetanse. timar	19	19	17	17	11	11
Medier og kommunikasjon. dagar	-	-	-	-	2	4
Medier og kommunikasjon. timar	-	-	-	-	11	12
Studiespesialisering. dagar	6	5	5	5	3	3
Studiespesialisering. timar	11	11	10	11	8	9
Bygg- og anleggsteknikk. dagar	5	5	4	4	3	2
Bygg- og anleggsteknikk. timar	14	14	12	11	5	6
Design og håndverk. dagar	13	11	9	10	6	5
Design og håndverk. timar	19	22	13	20	11	12
Elektrofag. dagar	3	3	3	3	2	2
Elektrofag. timar	6	7	5	6	4	4
Helse- og oppvekstfag. dagar	9	8	8	7	5	4
Helse- og oppvekstfag. timar	14	15	13	13	8	8
Medier og kommunikasjon (gammel ordning). dagar	9	8	8	8	4	4
Medier og kommunikasjon (gammel ordning). timar	21	17	20	18	8,5	13
Naturbruk. dagar	6	6	6	5	3	2
Naturbruk. timar	8	14	10	12	5	7
Restaurant- og matfag. dagar	6	7	6	6	3	3
Restaurant- og matfag. timar	10	14	12	12	6	7
Service og samferdsel. dagar	10	8	7,5	8	5	4
Service og samferdsel. timar	20	19	20	18	11	11
Teknikk og industriell produksjon. dagar	4	4	4	4	3	2
Teknikk og industriell produksjon. timar	9	11	9	11	8	6

Tabell 35: Utvikling i fråvær per utdanningsprogram for skuleåra 2014/15, 2015/16 og 2016/17. Udir.

## Vedlegg 4 Overgangar frå Vg2 for yrkesfagelevar. Status hausten 2016.

Skule	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
Amalie Skram vidaregåande skole	30,7%	8,0%	0,0%	33,3%	6,7%	21,3%
Arna vidaregåande skule	49,0%	0,0%	0,0%	23,5%	11,8%	15,7%
Askøy vidaregåande skole	26,1%	2,2%	15,2%	40,2%	7,6%	8,7%
Austevoll vidaregåande skule	80,6%	4,8%	0,0%	3,2%	6,5%	4,8%
Austrheim vidaregåande skule	37,9%	0,0%	13,6%	21,2%	10,6%	16,7%
Bergen Maritime vidaregåande skole	50,9%	3,6%	9,7%	18,2%	10,9%	6,7%
Bømlo vidaregåande skule	20,6%	0,0%	0,0%	58,8%	5,9%	14,7%
Etne vidaregåande skule	35,3%	0,0%	5,9%	29,4%	17,6%	11,8%
Fitjar vidaregåande skule	19,8%	2,2%	1,1%	61,5%	9,9%	5,5%
Fusa vidaregåande skule	44,3%	0,0%	0,0%	37,7%	8,2%	9,8%
Fyllingsdalen vidaregåande skole	15,6%	0,0%	0,0%	50,0%	12,5%	21,9%
Garnes vidaregåande skule	0,0%	0,0%	28,6%	52,4%	4,8%	14,3%
Hjeltnes vidaregåande skule	25,0%	0,0%	6,3%	0,0%	6,3%	62,5%
Knarvik vidaregåande skule	36,0%	1,8%	3,5%	39,5%	10,1%	9,2%
Kvinnherad vidaregåande skule	31,2%	2,6%	0,0%	40,3%	3,9%	22,1%
Laksevåg vidaregåande skole	43,9%	1,8%	8,8%	25,4%	6,1%	14,0%
Lønborg vidaregåande skole	18,2%	0,0%	0,0%	54,5%	6,1%	21,2%
Nordahl Grieg vidaregåande skole	15,5%	0,0%	15,5%	57,7%	5,2%	6,2%
Norheimsund vidaregåande skule	46,5%	0,0%	2,3%	14,0%	16,3%	20,9%
Odda vidaregåande skule	54,7%	0,0%	4,7%	12,5%	15,6%	12,5%
Olsvikåsen vidaregåande skole	15,1%	0,0%	1,2%	30,2%	45,3%	8,1%
Os vidaregåande skule	41,4%	0,5%	15,7%	20,7%	7,6%	14,1%
Osterøy vidaregåande skule	43,5%	4,3%	2,2%	15,2%	10,9%	23,9%
Rogne vidaregåande skule	23,5%	0,0%	0,0%	58,8%	8,8%	8,8%
Rubbestadnes vidaregåande skule	37,2%	1,3%	17,9%	23,1%	9,0%	11,5%
Sandsli vidaregåande skole	68,4%	0,0%	0,0%	2,6%	10,5%	18,4%
Slåtthaug vidaregåande skole	36,9%	2,4%	7,1%	22,6%	13,7%	17,3%
Sotra vidaregåande skule	46,3%	2,7%	6,7%	24,8%	4,7%	14,8%
Stend vidaregåande skule	0,0%	0,0%	1,9%	69,2%	1,9%	26,9%
Stord vidaregåande skule	28,8%	5,6%	16,0%	22,4%	8,8%	18,4%
Tertnes vidaregåande skole	20,0%	0,0%	0,0%	28,0%	24,0%	28,0%
Voss Husflidskule	0,0%	0,0%	90,0%	0,0%	10,0%	0,0%
Voss Jordbruksskule	6,7%	0,0%	71,1%	11,1%	2,2%	8,9%
Voss vidaregåande skule	39,2%	20,3%	1,3%	17,7%	6,3%	15,2%
Årstad vidaregåande skole	27,2%	6,4%	11,9%	19,4%	12,2%	22,9%
Åsane vidaregåande skule	28,8%	0,0%	10,6%	22,7%	15,2%	22,7%
Total	34,4%	2,8%	8,9%	28,5%	10,4%	15,1%

Tabell 36: Utval: Elevar med elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y). Tala er henta frå Hjernen og Hjertet, som har importert tala frå VIGO.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

